



Gloppen
kommune

Barnehage- og skulebruksplan 2017-2030 revidert 2025

Vedteken i sak 078/25, kommunestyret 27. oktober 2025

Barnehage- og skulebruksplan 2017-2030 – revidert 2025

Innhold

Barnehage- og skulebruksplan 2017-2030 – revidert 2025	1
1. Om planen	4
1.1 Bakgrunn for planen	4
1.2 Mål for planen	4
1.3 Avgrensingar av planen	4
2. Fakta om skulane og barnehagane.	6
2.1 Skulane.....	6
Hyen skule.....	6
Sandane skule	1
Nordstranda Skule.....	1
Breim Skule	1
Gloppen ungdomsskule	1
2.2 Barnehagane.....	1
Hyen barnehage.....	1
Mona barnehage.....	2
Breim barnehage.....	3
Austrheim barnehage	4
Nordstranda barnehage.....	5
Bakkelidgrenda barnehage	6
Nygård barnehage AS.....	7
Rygg Barnehage	8
2.3 Gloppen opplæringscenter	9
3. Statistikk	10
3.2 Barnetal.....	10
Framskriving og tilflytting	10
Barnetal i kvar skulekrins	15
Folketal i grunnkrinsane.....	16
Sandane skulekrins.....	19

3.1 Elevar med skuleskyss	23
4. Den gode skulen	24
Klasserom	24
Grupperom	24
Areal til kroppsøving	25
Skulekjøkken	25
Kunst og handverk	25
Musikkrom	25
Naturfagrom	26
Samlingsstad	26
Arbeidsplassar for tilsette	26
Skulefritidsordning (SFO)	26
Universell utforming	26
Uteområde	26
Trafikk	27
5. Den gode barnehagen	28
Uteareal	28
Trafikkareal	29
Inneareal	29
6. Vurdering av dagens skular	30
Sandane skule	30
Nordstranda skule	30
Gloppen ungdomskule	31
Breim skule	31
Hyen skule	32
Gloppen opplæringscenter	33
7. Modellar for å løyse behova i grunnskulane	34
Modell 1 – Dagens struktur	34
Modell 2 – Dagens struktur – med justerte skulekrinsgrenser.	36
Modell 3 – Dagens struktur med Sandane og Nordstranda slått saman og samla på Sandane skule.	37

Modell 4 – Sandane og Nordstranda slått saman og samla på Sandane skule med 7. trinn lokalisert på Gloppen ungdomsskule.	39
Modell 5 – Sandane og Nordstranda som felles skule og leiing, men delt på dagens skular.	40
9. Kommunedirektøren si vurdering på barnehageområdet.....	42
10. Tilråding frå kommunedirektøren	45
10.1 Barnehagane.....	45
10.2 Skulane.....	45

1. Om planen

1.1 Bakgrunn for planen

Eksisterande barnehage- og skulebruksplan vart vedteken 15. juni 2017. I samband med budsjettarbeidet for 2021 vart det foreslått ei samanslåing av Nordstranda og Sandane skule. Kommunestyret ba då kommunedirektøren kome tilbake til revidering av barnehage- og skulebruksplanen før gjeldande planperiode er ute. I oppvekstutvalet sitt møte 4. mai 2021 vart det lagt fram ei skisse til framdriftsplan for revidering av barnehage- og skulebruksplanen. Sist reviderte barnehage og skulebruksplan vart vedteken i sak 060/22 i kommunestyret 15.06.2022. Denne er no vedteken å skulle reviderast på nytt i samband med budsjettvedtak for 2025, den skal leggst på høyring i Helse – og oppvekstutvalet sitt møte 4. juni, og vert politisk behandla i oktober 2025.

1.2 Mål for planen

Hovudmål er at barn og unge i Gloppen skal ha skular og barnehagar som legg til rette for godt læringsmiljø og trivsel. Dette skal skje gjennom optimal ressursbruk og utnytting av Gloppen kommune sine eksisterande og eventuelt nye anlegg.

Delmål:

- Sikre at skule- og barnehageareala er godkjende etter gjeldande lov og regelverk.
- Sikre eit likeverdig og godt barnehage- og skuletilbod til alle barn og unge.
- Gode leike- og arbeidsmiljø for barn, elevar og tilsette
- Flest moglege skuleelevar skal ha høve til å gå eller sykle til skulen.
- Stabil barnehage- og skulestruktur på sikt

1.3 Avgrensingar av planen

Planen tek føre seg dei fysiske og tekniske rammene for barnehage- og skuledrift i Gloppen. Planen seier ikkje noko om innhaldet og prioriteringa av det faglege arbeidet i skule- og barnehage. Der det er naudsynt vil det vere omtala trendar som ein bør ta omsyn til i høve utforming av framtidige areal.

Ein del av ansvaret til kommunen i samband med barnehagar er å vere tilsynsmyndigheit både overfor kommunale og private barnehagar. I tillegg skal kommunen føre branntilsyn. Av andre eksterne tilsyn er EL tilsyn og Mattilsynet aktive overfor barnehagane. Kommunen har og ansvar for å føre kontroll med leikeplassar og fastmonterte leikeapparat.

Forskrift om miljøretta helsevern gjeld ved planlegging, tilrettelegging og drift av barnehagar og skular. Forskrifta skal sikre at trafikkforhold, luftforureining, støy, klimaforhold og risikofaktorar i miljøet vert ivareteke og teke omsyn til ved nyetableringar. Elles er det

utforming og innreiing, mogelegheit for aktivitet og kvil, måltid, psykososiale forhold, reingjering og vedlikehald, sikkerheit, helsemessig beredskap, førstehjelp, smittevern, tobakksforbud, inneklima, belysning, lydforhold, drikkevatn, sanitære forhold og avfallshandtering som er stikkord for kommunen sitt tilsyn etter forskrifta.

2. Fakta om skulane og barnehagane.

2.1 Skulane

Hyen skule

Hyen barne- og ungdomsskule er ein fådelt skule og elevane er delt inn i klasser med to eller tre klassetrinn. Elevar og tilsette flyttar inn i nytt, flott bygg i to etasjar frå august 2025. Her er det seks



klasserom og eige rom til faga mat og helse, kunst og handverk og naturfag. I tillegg er det tre grupperom og eit øvingsrom for musikk. Midt i bygget er hjarterommet som er eit fellesområde som blant anna kan nyttast til å samle heile skulen. Uteområdet har gode leikeareal og i tillegg mange gode sitjeplassar både med og utan tak. Naturområdet Lunden er no blitt ein del av uteområdet. Idrettsbygget med gymsal, garderober og basseng var ferdig renovert i 2019.


Skuleåret 24/25:

Elevtal: ungdomsskule 8, barneskule 27
Delt i 4 klassar, 1-5 elevar pr. trinn

Påmeldt SFO: 3
Tilsette: 9 (Årsverk 7,7)

Klasserom:	Elevplassar i høve storleik:	Andre rom:
6 Klasserom	8-10	3 grupperom
Spesialrom:		Musikkrom –øvingsrom/grupperom
Naturfagrom	10	Hjarterom – plass til 80 personar i trappa.
Skulekjøkken	10	Gymsal
Kunst og handverk	10	Svømmebasseng
Administrasjon:		
Arbeidsplassar til lærarar	10	

Elevtal Hyen skule, 1.-10.



Sandane skule


Skulen vart teke i bruk i 1977 og romma då om lag 200 elevar i elleve klassar. Det var ni klasserom, fem grupperom, mediatek, skulekjøkken, sløyd/tekstil, musikkrom og gymsal. Med SFO, tiårig grunnskule, samt endringar i timetal og arbeidstid vart skulen bygd ut i 1998. To klasserom, to grupperom, SFO-base, personalrom og arbeidsrom for lærarar kom til. Frå 2009/10 vart Rygg og Sandane skule slegne saman, og elevtalet auka med 50. I 2019 kom eit modulbygg med eit klasserom og sju arbeidsplassar for tilsette. I 2025 får modulbygget ein andre etasje slik at det kjem to nye klasserom og to grupperom til. Sandane skule har ei god plassering nær symje- og idrettshall, bibliotek, kultursal, kulturskule og Nordfjord Folkemuseum med friluftsområdet. Det er kort veg til kunstgrasbane, klatrepark og friområdet i Åsen med lysløype og islagd bane vinterstid. Uteområdet er variert med flater, bakkar og litt naturområde. Plassering av bygningane gjer at det er oppdelt i fleire mindre område, noko som spreier aktiviteten. Uteområdet kan ikkje utvidast grunna topografi og omliggande bygningar.



Skuleåret 24/25:

Elevar: 286 Største klasse: 24 Tilsette: 45 (39 årsverk)
Klassar: 14 Påmeldte SFO: 137

Klasserom:	Storleik:	Elevplassar:	Andre rom:	Storleik:
12 klasserom	57-63 m ²	23-25	8 grupperom	11-15 m ²
Spesialrom som brukast til klasserom:			Mediatek/ Datarom	190 m ²
Musikkrom	68 m ²	29	(Brukast til samlingar for heile skulen)	
Skulekjøken	57 m ²	23	Sløydsal	72 m ²
Tekstilrom	42 m ²	17	(Brukast og til tekstilforming)	
Administrasjon:			Base for SFO	106 m ²
Arbeidsplassar for tilsette: 23, 7 av dei i modulbygget			Gymsal	



Nordstranda Skule

Skulen sto ferdig i 1989, arealet skulle romme 60 elevar og inneheldt fire spesialrom: sløyd, tekstil, skulekjøkken og gymsal med galleri og scene. Skulen fekk tre klasserom med mediatek, og ei avdeling for elevar med nedsett funksjonsevne med stellerom, minibasseng og eit stort rom med tilhøyrande grupperom. Austrheim barnehage var i underetasjen fram til 2011.




Etter endring i skulestrukturen i 2009 vart mediateket, sløydrommet og tekstilrommet bygd om til klasserom, to år seinare vart eit av desse klasseromma tatt i bruk til kunst og handverk. Tre klasserom i underetasjen fekk nytt ventilasjonsanlegg i 2011. I 2016 fekk skulen ny administrasjonsavdeling, ombygginga førte til at skulen fekk to klasserom mindre. Datarom vart gjort om til to like store grupperom våren 24.

Skuleåret 24/25:

Elevtal: 98, 7 klassar
Største klasse: 21

Påmeldte SFO: 36
Tilsette: 21 (18,8 årsverk)

Klasserom:	Storleik og elevplassar:		Andre rom:	Storleik:
5 klasserom	45 m ²	18	6 grupperom	13 m ²
	2 à 50 m ²	20		3 à 17 m ²
	54 m ²	22		18 m ² *
	58 m ²	23		28 m ²
Spesialrom som brukast til klasserom:			Kunst og handverk*	53 m ²
Skulekjøken	77 m ² (67 netto)	27	Stellerom*	16 m ²
SFO	57 m ²	23		
Administrasjon: 18 arbeidsplassar for tilsette			Gymsal	146 m ²
*Areal til elevar med nedsett funksjonsevne				



Breim Skule

Skulen var gjennom ei omfattande renovering og utbygging frå 2005-2007. I 2009 blei skulen slått saman med Reed skule, 130 elevar starta på skulen hausten 2009. I 2025 er elevtalet 93.

Skulen har symjebasseng. Det er ope frå august til desember, då gjennomfører skulen symjeopplæring frå 1.-7. trinn Gymsal, klasserom og kjøkken er mykje brukt utanom skuletida, av ulike lag og organisasjonar.




Uteområdet er stort og godt, og består av mange ulike leikeapparat. Her er god plass til ballspel og andre regelleikar, skulen disponerer og ein liten skog.

Skuleåret 24/25:

Elevar:	93	Påmeldte SFO:	25
Klassar:	7	Tilsette:	21
Største klasse:	18	Årsverk:	17,82

Klasserom:	Storleik:	Elevplassar i høve storleik:	Andre rom:	Storleik:
8 klasserom	2 à 34 m ² 2 à 50-53 m ² 3 à 61-65 m ² 89 m ² * ¹	14 20-21 24-26 (36)	5 grupperom	2 à 7 m ² 12 m ² 13 m ² 21 m ²
Spesialrom som brukast til klasserom:			Skulekjøkken	61 m ²
SFO	48 m ²	19	Baserom* ²	22 m ²
Administrasjon:			Kjøkken SFO	6 m ²
Arbeidsplassar for tilsette		17	Bibliotek	12 m ²
			Leikerom	10 m ²
* ¹ inkl gr.rom			Sløyd	32 m ²
* ² For elevar med nedsett funksjonsevne			Gymsal	



Gloppen ungdomsskule

Gloppen ungdomsskule har elevar i 8.-10.klasse og desse kjem frå Breim, Nordstranda og Sandane skule. Skulen har på det jamne hatt ni klassar, tre parallellar på kvart årstrinn. På det meste har det vore fire, på det minste to parallellar på enkelte trinn.



Frå starten av var dette Sandane skule. I 1962 kom framhaldsskulebygget, som framleis er i bruk, fløya nærast fjorden.


Då 9-årig skule vart innført i 1969, fekk skulen ei ny fløy nærast Firdahallen i tillegg til eit formingsbygg som seinare er fjerna. Skulen vart modernisert i 1992, med to nye klasserom, ny administrasjonsfløy, skulebibliotek, datarom, nye grupperom og kinosal. I perioden oktober 2014 til våren 2017 gjekk skulen gjennom ein ombygging- og oppgraderingsperiode både inne og ute. Nybygg med fire klasserom og tilhøyrande grupperom vart reist, og skulen fekk avdeling for elevar med nedsett funksjonsevne, inngangsparti med heis, nytt kantinekjøkken, lagerrom og elevtoalett. Klasserom, avdeling for kunst og handverksfag og garderobane for personell vart ombygde, og uteområdet vart fornya.

Skuleåret 24/25:

Elevar: 200 Klassar: 9 Største klasse: 24 Tilsette: 40 (33 årsverk)

Klasserom:	Storleik:	Elevplassar:	Andre rom:	Storleik:
11	4 à 61-64 m ² 2 à 66 m ² 4 à 70 m ² 1 à 74 m ²	24-25 30 28 29	14 grupperom:	6 à 13-15 m ² 3 à 16-17 m ² 2 à 20-21 m ² 24 m ² , 30 m ² , 47 m ²
Administrasjon			Mat og helse - 91 m ²	Kantine - 143 m ²
Arbeidsplassar for tilsette: 35			Mat og h./teori - 35 m ²	GU-sal - 187 m ²
			Sløyd - 56 m ²	Musikk - 76 m ²
			Teiknesal - 103 m ²	Fysikk - 74 m ²
			Keramikk - 41 m ²	Biologi - 69 m ²
			Tekstil - 70 m ²	

Elevtal Gloppen Ungdomsskule



2.2 Barnehagane

Gloppen har tre kommunale og fem private barnehagar. Dei utgjør eit mangfald både når det gjeld storleik og satsingsområde.

Hyen barnehage

Hyen barnehage vart starta i 1986, i kjellaren på samfunnshuset. I 2010 fekk barnehagen nye lokalar sentralt på Straumsholmen. Hyen skule er nærmaste nabo, og det er kort veg til butikk, idrettsbygg og fine naturområde.



Hyen barnehage er saman med Hyen skule organisert som eit oppveksttun. Dette inneber eit tett samarbeid med skulen og gjev ein større tilgang til aktivitetar og fasilitetar. Barna får også høve til samhandel med eldre barn i felles prosjekt og aktivitetar, og ein ser at overgangen frå barnehage til skule vert tryggare for barna.

Barnehagen har to avdelingar med eit felles kjøkken mellom seg. Avdelingane samarbeider tett, og dei tilsette er godt kjende i begge avdelingane.

Rammeplanen for barnehagen legg vekt på barns eigenverdi, demokrati, likeverd, berekraftig utvikling og livsmeistring. Dette er verdiar som skal vere gjeldande i alle barnehagar. Barnehagens verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av barnehagen sitt pedagogiske arbeid. I Hyen barnehage legg dei særleg vekt på omsorg og anerkjenning, lek og sosial kompetanse, meistring og utvikling.

Fakta	
Eigarform:	Kommunal barnehage
Godkjent leike- og opphaldsareal:	143 m ²
Maks tal plassar ut i frå areal:	9 småbarns- og 18 storbarnsplassar
Godkjente plassar:	9 småbarns- og 18 storbarnsplassar
2025/26	
Barn:	18: 4 barn under 3 år. 14 barn over 3 år.
Avdelingar:	2
Tilsette:	7 (5,49 årsverk)

Mona barnehage

Då Kråkerei ret barnehage i sentrum (tidlegare doktorbustaden) måtte rivast, vart barn og personale flytta til dei gamle lokala til Nordfjordheimen. Barnehagen fekk etter flyttinga i 1992 namnet Furestubben barnehage og hadde tre avdelingar. Sandane barnehage, med to avdelingar, vart opna i 1979. Furestubben barnehage og Sandane barnehage vart slått saman til ein administrasjon i 2004 og fekk namnet Mona barnehage.

Frå august 2006 til 2009 dreiv Mona barnehage og ei småbarnsavdeling på Søreide med ti plassar. I 2009 vart tilbygget i avd. Sandane tatt i bruk. Avdelinga på Søreide vart lagt ned hausten 2009, frå januar til august drifta då Mona barnehage åtte avdelingar. Mona barnehage har sidan 2009 drifta sju avdelingar, fire i avd. Sandane og tre i avd. Furestubben, med totalt 99 heile plassar fordelt på 72 storbarn- og 27 småbarnsplassar. Grunna nedgang i søkjartal var det berre seks avdelingar i drift frå august 2012 til februar 2014. Då suppleringsopptak vart innført i 2015 auka barnehagen til sju avdelingar igjen. Frå nytt barnehageår 2016 reduserte barnehagen til seks avdelingar og har hatt dette tal avdelingar sidan, med 54 storbarnsplassar og 27 småbarnsplassar. 1. oktober 2019 vart det ei endring på namn på avdelingane og dei to bygga. Dette for å få eit heilskapleg bilete, og markere at alle avdelingane og begge bygga utgjer ein barnehage. Furestubben barnehage vart til Austsida og Sandane barnehage til Vestsida. Austsida har to avdelingar med Furutoppen og Bjørkekvesten, Vestsida har fire avdelingar med Lønnebladet, Eikenøtta, Seljeknoppen og Rognebæret.

Friskliv: Barnehagen har fokus på fysisk aktivitet, helse og naturopplevingar. Personalet vil bidra til å gje barna gode haldningar til eit friskt liv.

Språk: Personalet vil bidra til å ruste barna godt språkleg gjennom tidleg og god språkstimulering og vere gode språklege modellar for barna.

Vennskap og samhald: Barnehagen skal legge til rette for at barna får tid og rom til å utvikle vennskap gjennom leik og aktivitet.



Fakta	
Eigarform:	Kommunal barnehage
Godkjent leike- og opphaldsareal:	Avdeling Austsida – 254 m ² Avdeling Vestsida – 303 m ²
Maks tal plassar ut i frå areal:	99 plassar
Godkjente plassar:	84, fordelt på 30 småbarns- og 54 storbarnsplassar
2025/26:	
Barn:	84: 30 under 3 år, 54 over 3 år
Avdelingar:	6
Tilsette:	28 (25,6 årsverk)

Breim barnehage

Byrkjelo barnehage starta opp i 2000. Teina barnehage var privat og starta opp i 1989, men vart kommunal i 1993. I 2009 vart dei organisatorisk slått saman til Breim barnehage. I 2012 flytta dei inn i lokalet som tidlegare var Reed skule. Uteområde har eit areal på 4,7 daa. Barnehagen har kjøkkenhage, og ein gapahuk i Metteskogen. Gapahuken står på privat område etter avtale med grunneigar. Barnehagen har eigen gymsal og tilgang til kunstgrasbana til Breimsbygda Idrettslag. I juli vert Barnas countrytreff arrangert i Breim barnehage. Dette i regi av Norsk countrytreff.



Satsingsområde til barnehagen er blant anna språk, med vekt på dialogisk lesing og inkluderande barnehagemiljø. Ein har også fokus på samarbeid barnehage-heim, samt tverrfagleg samarbeid. Livsmeistring og robuste barn er gjennomgåande viktig tema ein jobbar med.

Fakta	
Eigarform:	Kommunal barnehage
Godkjent leike- og opphaldsareal:	451 m ²
Maks tal plassar ut i frå areal:	90 plassar ordinært. Har areal til å utvide med ca. 8 småbarnsplassar
Godkjente plassar:	90 plassar (Barn under 3 år tel to plassar)
2025/26:	
Barn:	69: 15 under 3 år, 54 over 3 år.
Avdelingar:	5
Tilsette:	27

Austrheim barnehage

Barnehagen starta opp i sentrum i 1985, og flytta til kjellaren i Austrheim (no Nordstranda) skule i 1995. Etter skulesamanslåinga måtte barnehagen ut av skulen, men dei ynskte å halde fram som ein sentrumsnær barnehage. Dei fann ikkje eigna tomt til formålet, og vart i staden flytta til Vereide i april 2010. Dei overtok eigarskapet på det gamle skulebygget og tomte i 2011 i lag med Nordstranda barnehage.



Barnehagen bygger no ny barnehage på eigedomen «Skogli» ved Gimle og Nordstranda skule. Den nye barnehage skal vere klar hausten 2025 med to avdelingar og tilhøyrande uteområde som er delvis opparbeidd i samband med nybygget.

Austrheim barnehage eig framleis sin seksjon/halvpart i bygget på Vereide, der Nordstranda barnehage skal halde fram. Kva som skjer med desse areala er ikkje avklara.

Fakta	
Eigarform:	Stifting
Godkjent leike- og opphaldsareal:	147 m ² (endeleg godkjenning er ikkje klar i nytt bygg)
Maks tal plassar ut i frå areal:	12 småbarns- og 20 storbarnsplassar
Godkjente plassar:	12 småbarns- og 20 storbarnsplassar
2025/26:	
Barn:	12 under 3 år, 18 over 3 år
Avdelingar:	2
Tilsette:	8

Nordstranda barnehage

Nordstranda barnehage held til i naturskjønne omgjevnadar på Vereide. I 2001 flytta barnehagen frå Nordfjord folkehøgskule til skulebygget som ligg ved sida av prestegarden.

Vereide utviklingslag og private kausjonistar skipa stiftinga Vereide barnehage som no er stiftinga Nordstranda barnehage.

Gjennom åra har dei utvida med meir areal, og fleire barnehageplassar.

Barnehagen nyttar nærområde mykje. Ballbingen, folkehøgskulen, fjæra, skogen, eigen sykkelbane etc er alle viktige arenaer for den pedagogiske verksemda.

Barnehagen har også ein gapahuk som nyttast fleire gangar i løpet av veka til friluftsliv, bålkos og leik.

Nordstranda barnehage har sidan 2009 jobba ut i frå ein grunnstein, ein visjon: Barnehagen er ein skapande musisk møteplass. Barnet skal få oppleve seg sjølv som eit skapande og uttrykkande menneske i møte med andre. Det musiske er eit språk for kjenslene og personlege opplevingar. Det er eit verktøy i kvardagen som t.d. pregar korleis vi møter kvarandre og korleis vi forsterkar element i samspelet og leiken mellom oss. I arbeidet med å fremje ein skapande musisk møteplass, har dei valt å leggje særleg til rette for barn sin bruk av musikk, drama og forteljing. Nyare forskning framhevar skapande musisk aktivitet som viktig for utvikling av språk, kreativitet, sosial og emosjonell kompetanse og motorisk dugleik.



Fakta	
Eigarform:	Stifting
Godkjent leike- og opphaldsareal:	168,5 m ² +36 m ² tilbygg i 2015
Maks tal plassar ut i frå areal:	16 småbarns- og 22 storbarnsplassar
Godkjente plassar:	16 småbarns- og 22 storbarnsplassar
2025/26:	
Barn:	12 under 3 år og 22 over 3 år
Avdelingar:	2,5
Tilsette:	12 (10 årsverk)

Bakkelidgrenda barnehage

Bakkelidgrenda barnehage starta opp i 2008, med ei småbarnsavdeling. Sidan den gang har barnehagen auka både i areal og barnetal.

Barnehagen har eit skogsområde like ved. Der er det ein solid gapahuk, bålpanne, zip-line og gode tilhøve for lek.

I nærområdet ligg Nordfjord stisenter, ballbinge og stiar i skog og mark.

Barnehagen har bil og er mykje på tur. Periodevis gjennom året nyttar dei seg av Trivselsbadet, med tilvenning til vatn i små grupper. Barnehage sine satsingsområdet er fysisk aktivitet og helse, arbeid med språkutvikling og sosial kompetanse.



Fakta	
Eigarform:	Enkeltmannsføretak
Godkjent leike- og opphaldsareal:	103 m ²
Maks tal plassar ut i frå areal:	9 småbarns- og 14 storbarnsplassar
Godkjente plassar:	Varierer ut i frå alderssamansetning
2025/26:	
Barn:	22 barn i alderen 1-5 år
Avdelingar:	1, gruppedelt: - 7 barn 1-2 år - 15 barn 3-5 år
Tilsette:	5,2 årsverk

Nygård barnehage AS



Barnehagen vart bygd i allereie oppført privat bygg, på privat tomt, og starta opp i 2009 med ei avdeling og 12 plassar. På bakgrunn av etterspørsel vart barnehagen utvida etter to år. Etter nokre krevjande år for barnehagen som bedrift, har utviklinga gått rette vegen og barnehagen har no to avdelingar.

Nygård barnehage AS eig fire mål variert og egna uteområde. Barnehagen ligg i ein romsleg gamal frukthage og har bevart nokre av trea og kulturminne som gamle murar. Like utanfor portane finst eit lett tilgjengeleg og variert turområde i nærleik av skog og sjø, samt sentrum og parkanlegget på Kleivedammen.

Satsingsområde er å skape ein barnehage prega av relasjonskompetanse, medverknad, meistring og meining- med visjonen "Kvardagsmagi og vennegaranti" i sentrum.

For oss betyr det at vi arbeider systematisk med kompetanseheving og relasjonskvalitet i vårt samspel med barn og vaksne. Slik kan vi saman skape fellesskap for alle, og gode dagar. Alle menneske er unike og ulike, alle er gode nok- akkurat som den ein er. Vi legg vekt på å vere trygge vaksne som set sunne grenser, gjev trøyst og tryggleik. Det er omsorg og kjærleik i praksis.

Fakta	
Eigarform:	Privat aksjeselskap
Godkjent leike- og opphaldsareal:	200 m ²
Maks tal plassar ut i frå areal:	9 småbarns- og 18 storbarnsplassar (kan ta inn fleire iht arealet totalt på huset)
Godkjente plassar:	9 småbarns- og 18 storbarnsplassar
2025/26:	
Barn:	9 under 3 år, 18 over 3 år
Avdelingar:	2
Tilsette:	9 (8 årsverk)

Rygg Barnehage

Rygg barnehage har 40 års jubileum i 2025! I oppstarten var den barnepark i Rygg bedehus, ein periode som korttidsbarnehage før den blei godkjent som ordinær barnehage i 1995.

Rygg barnehage er også ein god arbeidsplass. Styret i barnehagen prioriterer å tilsette ekstra bemanning. Dette gagnar barna og dei tilsette sin arbeidskvardag.



Barnehagen er stadig i utvikling. Vi er ein lærande organisasjon som bidreg til at barna får ein trygg og aktiv oppvekst. Vi sikrar kvalitet ved å prioritere vaksentettleik saman med barna. Barnehagen deltek i eit prosjektsamarbeid med kommunen, dei private barnehagane og Høgskulen på Vestlandet. Målsettinga er å styrke dei pedagogiske leiarane i deira roller. Samtidig driv personalet med eit kompetanseløft innan lek, med rettleiing og auka kunnskap av ekstern ekspertise.

Barna i barnehagen er mykje på tur i nærområdet og har eit godt samarbeid med naboane i bygda. Det er kort veg til ballbinge, fjæra, støylane og fjøsen. Barnehagen har også ein gapahuk på Loggane som er mykje brukt.

Fakta	
Eigarform:	Samvirkeføretak, foreldreeigd
Godkjent leike- og opphaldsareal:	205,5 m ²
Maks tal plassar ut i frå areal:	15 småbarns- og 18 storbarnsplassar
Godkjente plassar:	15 småbarns- og 18 storbarnsplassar
2025/26:	
Barn:	28
Avdelingar:	2
Tilsette:	12 (10,2 årsverk)

2.3 Gloppen opplæringscenter



Gloppen opplæringscenter er Gloppen kommune sitt kompetansesenter i høve norskopplæring av vaksne innvandrarar over 18 år. Skulen tilbyr også grunnskuleopplæring til ungdom og vaksne i kommunen over 16 år, som har behov for denne opplæringa.

Opplæringscenteret er ei vidareføring av Nordfjordheimen og Gloppen Opplærings- og Aktivitetssenter (GOAS). Elevane ved skulen har eit stort aldersspenn og er frå 18 – 67 år. Elevane består av flyktningar, arbeidsinnvandrarar og familiegjenforeinte frå andre land. I tillegg har GOS ansvar for elevar som treng opplæring etter lov om vaksenopplæring som kan handle om språk, alternativt supplerande kommunikasjon (ASK), mobilitetstrening (blinde) og anna.

Senteret har elevar frå ti ulike nasjonalitetar no.

Dei fleste busette flyktningar i Gloppen kommune deltek i eit introduksjonsprogram som går over to år. Dei får norskopplæring med samfunnskunnskap først. Etter ei stund får dei tilbod om språkpraksis med oppfølging av norsklærar i ulike bedrifter eller grunnskuleopplæring.


Kontinuerleg utskifting av elevmassen er eit kjenneteikn ved GOS, og elevtalet ved skulen varierer. No er elevtalet om lag 80. Opplæringstid kan spenne frå seks månader til fem år. Opplæringa har endra seg med at den er modulbasert i dei ulike faga og det krev meir av organiseringa.

GOS leiger lokale i Sandalsbygget i Sandane sentrum. Dei disponerer fire store klasserom, to mindre klasserom/grupperom, eit datarom, fem lærarkontor, pauserom for lærarar og pauserom for elevar. Romma er lyse og fine og alle klasseromma og grupperomma er i dagleg bruk. Kommunen har pr. no leigeavtale til august 2025.

3. Statistikk

3.2 Barnetal

I Gloppen kommune bur det 369 barn under 6 år, 514 i barneskulealder og 211 i ungdomsskulealder ([folkeregister 1.1.2025](#)) Dei siste ti åra har barnetala gått opp og ned, i dei ulike aldersgruppene, men samla er det ein nedgang på 59 barn i gruppa 0-15 år sidan 2015.




Framskriving og tilflytting

[SSB si framskriving av folketal frå 2024](#) viser at folketalet i Gloppen går frå dagens 5936 ned til 5820 innbyggjarar i 2040, og 5715 i 2050. På same måten viser prognosane at tal barn og unge går ned:


	2025 (reelt)	2030 (prognose)	2040 (prognose)
0-17 år	1259	1204	1123
0-5 år	369	333	345
6-15 år	725	721	642

Prognosar frå 2024 er noko meir optimistisk når det gjeld barnetal enn framskrivinga frå 2022 var. Prognosane er langt frå sikre når det gjeld barnetal, og dei greier ikkje å berekne tilflytting til Gloppen.

Gloppen kommune har meir tilflytting enn utflytting, både innanlandsflytting og totalt.



Kjelde: SSB [13255](#)





Kjelde: SSB [09588](#)

Mange av dei som flytter hit har barn i barnehage- og skulealder. Her er ei oversikt over fødselstal og tal på tilflytta skuleelevar fordelt på årskull:

Fødselsår	Fødde (SSB 07459)	Tilflytting fram til 5. trinn	Elevtal 5. trinn	Prosentvis auke frå fødsel til 5. trinn
2024	54	16*	70*	
2023	42	16*	58*	
2022	64	16*	80*	
2021	73	16*	89*	
2020	51	16*	67*	
2019	56	16*	72*	
2018	54	16*	70*	
2017	62	16*	78*	
2016	44	16*	60*	
2015	52	16*	68*	
2014	61	17	78 (2024/25)	28 %
2013	43	22	65	51 %
2012	62	12	74	19 %
2011	48	15	63	31 %
2010	54	14	68	26 %
2009	49	22	71	45 %
2008	64	17	81	27 %
2007	60	14	74	23 %
2006	58	19	77	33 %
2005	60	7	67	12 %
2004	86	16	102	19 %

Kjelde: SSB, Tabell: [04231](#) og [07459](#) *prognose

Sidan 2004 har det i gjennomsnitt kome til 17 elevar på kvart kull fram til 5. trinn, medianen er 16. Det betyr at elevtalet i snitt er 26 % større enn fødselstalet. Fleirtalet kjem før dei startar i 1. trinn. Det er foreløpig ingen teikn til nedgang i tilflytting av barn. Om ein legg til grunn at det også framover vil flytte hit om lag 16 barn for kvart årskull, fram til midten av barneskulen, får vi prognosa merka med * i tabellen. Disse 16 pr. årskull finn vi igjen i grafen «Elevtal, prognose inkl. sannsynleg tilflytting» litt lenger ut i planen.




Elevtalet ved Hyen skule ser ut til å bli 33 i skuleåret 25/26. Så begge framskrivingane har allereie avvik der, framskrivinga basert på folkeregisteret avviker mest. Den andre er basert på opplysningar frå helsestasjon og barnehage.

Det er ikkje 100 % samsvar mellom folkeregisterregistrert adresse og kva skule eleven går på. Det kan skuldast sein eller manglande flyttemelding, t.d. for flytting internt i kommunen, eller for flyktningar som det kan ta tid å registrere. Det hender også at elevar byter skule utan å flytte, eller at dei held fram på den skulen dei starta på etter at familien flytta til ein annan skulekrins.

Elevtal, prognose inkl. sannsynleg tilflytting


(Fødselstal frå SSB, folkeregister mai 25 + 16 tilflytta pr årskull*)



I prognosa er tilflytta elevar fordelt mellom skulane ut i frå eit forholdstal, som er rekna ut frå dagens barnetal i aldersgruppa 0-5 år i kvar skulekrins (sjå diagram i neste avsnitt). For kvart årskull vil det seie: åtte elevar til Sandane, fire til Breim, tre til Nordstranda og ein til Hyen.

Vi kan ikkje seie sikkert kvar tilflyttarar vil busette seg i åra som kjem, men vi kan seie noko om korleis utviklinga har vore til no, og om kva område som mest truleg vil ha vekst framover.

Barnetal i kvar skulekrins




Tal på aldersgruppa 0-5 år i dei ulike skulekrinsane viser ein liten auke i Hyen og nedgang på Nordstranda. Sandane er i 2025 tilbake på omtrent 2015-nivå etter å ha vore oppe på eller kring 200 sidan 2018.

Tabellen under viser at folketalet totalt har auka mest i og kring Sandane sentrum dei siste ti åra, men det er også ein liten auke på Rygg, Sande og Vereide. I tettstadene Reed, Byrkjelo og Straume er folketalet relativt stabilt, mens det er nedgang i meir perifere område.

Folketal i grunnkrinsane

	2001	2011	2015	2020	2025	Siste 10 år:	Siste 5 år:	Skildring av grunnkrinsen:
Nesjane	114	123	133	111	100	-33	-11	Devika, Kvitenes, Hestenes, Hestenesøyra og Eikenes
Vereide	196	213	220	223	235	15	12	Hjelmeset, Andenes, Apalset, og Vereide SV for E39
Føleide	161	153	158	168	163	5	-5	Rye, Føleide, Vereide NØ for E39, Korsvika, Tystad og Slagstag
Hauge	235	228	224	215	186	-38	-29	Hauge, Gloppestad, Aske, Alme
Øyrane	137	157	145	138	148	3	10	Austrheim, Aske-feltet, Fjellestad, Solheim og Engeset
Sandane Nord	417	434	439	455	455	16	0	Sjå kart lenger ut i planen, eller: https://kart.ssb.no/
Sandane Sentrum	466	533	537	575	600	63	25	Sjå kart lenger ut i planen, eller: https://kart.ssb.no/
Sandane Sør	932	826	823	856	881	58	25	Sjå kart lenger ut i planen, eller: https://kart.ssb.no/
Kleivedammen	148	225	239	326	410	171	84	Sjå kart lenger ut i planen, eller: https://kart.ssb.no/
Eide	64	59	59	47	69	10	22	Eide, Eidsmona og Vassenden
Hetle	367	348	378	384	379	1	-5	Almenning, Sagefl. Dale, Hunsår, Kvile, Steinsaker, Sårheim, Hovden
Re	125	158	161	149	150	-11	1	Reed sentrum, Øyane, Jordanger og Flølo
Råd - Bø	108	65	57	56	46	-11	-10	Raad, Bø og Seime
Hole	101	118	115	119	95	-20	-24	Skinlo, Øvreset, Felde, Moldestad, Hole og Sætre
Byrkjelo	483	438	431	445	439	8	-6	Bjørnarheim, Støyva, Byrkjelo, Teita, Stokke, Høylo, Fløtra og Kleppe.
Sandal	135	92	106	81	74	-32	-7	Torheim, Fossheim, Sandal og Myklebust
Bergheim	117	119	123	124	119	-4	-5	Hjelle, Bergheim og Gåsemyr og Egge
Årdal	62	57	53	44	47	-6	3	Årdal, Bogstad og Frøystad
Kandal	88	87	91	74	68	-23	-6	Ytre, midtre og indre Kandal (Mykland)
Straume	210	185	187	199	200	13	1	Kleppenes, Osmundnes, Holme, Aa, Straumsholmen, Straume og Hope
Sande	298	279	283	274	282	-1	8	Grov, Ravnestad, Sande (inkl.byggefeltet) og Rauset
Rygg	219	206	211	203	218	7	15	Øvre og nedre Arnestad inkl. bustadfeltet, øvre og nedre Gimmedstad, Moane og øvre og nedre Rygg
Mardal	251	289	324	365	351	27	-14	Fitje, Mardal, Søreide, Ryssdal og Ryssdalsnes
Gjengedal	99	112	105	95	92	-13	-3	Ommedal, Rønnekleiv, Mjellem, Gjengedal og Dalheim
Røyrvik	174	154	149	121	119	-30	-2	Røyrvik, Heimsæter/Eimhjellen, Skogheim, Hjortset og Solheim

Barn og unge i grunnkrinsane, 2025:



Sandane skulekrets 0-5 år (Utan Sandane Nord)



Sandane skulekrins

Diagramma på dei førre sidene viser at 132 av dei 182 barna i førskulealder i Sandane skulekrins bur i grunnkretsane Kleivedammen, Sandane sentrum og Sandane sør. Mardal hadde sterk vekst og låg høgt i nokre år, men talet førskulebarn har stupt sidan 2020.

Sandane sentrum

I grunnkretsen Sandane sentrum var det sterk vekst frå 2022 til 2024 i gruppa 6-15 år. Den ser ut til å ha flata ut 2025. Av diagrammet over kan vi sjå at det er ein liten nedgang i gruppa 0-5 år. Dette er eit område der ein del flyktningfamiliar blir busett, og vidare utvikling er ikkje enkelt å spå. Planlagt utbygging i området er mest leilegheiter, primært med eldre som målgruppe (som Fjordterrassen og Fjordlandsbyen).

Sandane sør

Sandane sør er Åsen, Evebø og Elvaneset. Her var det sterk vekst i aldersgruppa 0-5 år i 21-23, men veksten ser ut til å flate ut. Veksten kjem av utbygginga på Elvaneset og eit sakte «generasjonsskifte» i Åsen. Om barnetala held fram å stige kjem an på tempoet i dette skiftet. Åsen består for det meste av einebustader oppført på 1970-talet, og det bur mange pensjonistar i dette området.

Kleivedammen

Folke- og barnetalet i Kleivedammen er i vekst grunna utbygging i Valborgkleiva. Her er det framleis potensiale for utbygging. I 2025 vart det vedtatt ein detaljereguleringplan for utbygging i Fugledalen, eit området sør for Gloppen Omsorgssenter. Det er derfor grunn til å tru at veksten i barnetal i denne grunnkrinsen held fram dei komande åra.

Mardal

Mardal krins hadde vekst i aldersgruppa 0-5 år fram til 2019, men etter det har det gått tilbake. Toppåret var 2019. Dei neste åra ser det ut til å bli reduksjon i tal barneskuleelevar frå Mardal. Veksten fram til 2019 skuldast for det meste utbygging på Søreide. Det er potensiale for meir utbygging her, det som er planlagt pr. no er leilegheiter. Det kan vere aktuelt for unge i etableringsfasen, det kan også vere gjennomgangsbustad for denne gruppa.


Sandane Nord



Grensa mellom Sandane skule og Nordstranda skule går gjennom den grunnkrinsen Sandane nord. Sidan elevtalet på Nordstranda går ned, er det naturleg å sjå på effekten av å strekke Nordstranda skulekrins inn til og med Øvregata i Sandane sentrum, og med det følgje grunnkrinsgrensa (Sjå kart under). Ut i frå dagens barnetal her, har det ikkje stor effekt. Under ti barn i alderen 0-12 år bur i det aktuelle område, halvparten av dei bur på Høgenausen.

Frå Høgenausen går vegen austover, før ein kjem ned på Breimsvegen. Skulevegen til Nordstranda blir då på i underkant av 3 km. Gangavstand til Sandane skule er om lag 1-1,5 km, avhengig av om ein går stien ned frå gangvegen til Firda VGS eller ikkje. Det går sti vestover frå Høgenausen, gjennom skogen mot Leirbrekka, men den er ikkje ein funksjonell skuleveg slik den er no. Om det kjem nye bustader i området, slik kommuneplanen opnar for, vil det også kome veg. Det er ingen konkrete planar om regulering/utbygging i området no.

På Øyrane og i Øvrevegen er det eit potensiale for fortetting, og det er ført opp fleire einebustader og tomannsbustader dei siste åra. Bustadene i Leirbrekka vart stort sett oppført på 80- og 90-talet, og mange av dei som bur der er pensjonistar no. Eit «generasjonsskifte» her ligg likevel lenger fram i tid enn i Åsen.



Kjelde: <https://kart.ssb.no/>

Nye areal til bustad i kommuneplanen

I skulekrinsen for Nordstranda er det sett av areal i kommuneplanen til nye bustadområde mellom Høgenausen og Leirbrekka, på Aske, Austrheim rett nedanfor skulen, Gloppestad/Slagstad og Andenes. Ingen av dei er regulerte.

I skulekrinsen til Sandane skule er det sett av areal i kommuneplanen til nye bustadområde i Valborgkleiva, eit område nord for Gloppen Omsorgssenter, nokre område sør for Åsavegen, Søreide og nedanfor Åsaberget. (Samt mindre område spreitt rundt) I tillegg er det, som nemnt, laga ein detaljreguleringsplan for Fugledalen som legg opp til fortetting.

I tillegg er det lagt inn nokre området til spreitt busetnad i LNF-område, som opnar for inntil fire tomter/bueiningar i kvar av skulekrinsane. Dispensasjonsbygging er ikkje det råd å spørre på kvar kjem.

Utbygging framover

Ut i frå dette kan ein tenkje seg at tilflytting kring Gloppefjorden dei neste ti åra vil kome i

grunnkretsane Kleivedammen og Sandane Sør, grunna vidare utbygging i Valborgkleiva og Fugledalen, og grunna «generasjonsskifte» i Åsen. Sandane Nord har potensiale for fortetting, og det kan kome fleire barnefamiliar i Leirbrekka etter kvart, så noko vekst vil det truleg bli her også. Mardal ser ut å vere over «vekst-toppen» vi såg fram til 2019, men med eventuell ny utbygging på Søreide kan bildet endre seg. Utbygging i bustadområde der reguleringsarbeid enno ikkje er starta er vanskeleg å vurdere, både når det gjeld tidsperspektiv og omfang.

3.1 Elevar med skuleskyss

Tabell 3: Elevar med skuleskyss 2024/25

Skule	Skule-skyss:	% av elevtal	Skyss under 4 km til skulen:
Sandane	118	41 %	56
Nordstranda	52	53 %	11
Breim	58	62 %	15
Hyen	22	63 %	5
GU	105	52 %	

Oversikta over elevar med skuleskyss over viser at i alt 88 skuleelevar i Gloppen får skuleskyss sjølv om dei bur under fire km frå skulen. Det er fordi skulevegen ikkje er trygg nok til at elevane kan gå eller sykle. Dette utgjer 35 % av dei som får skuleskyss i Gloppen.

Fleirtalet av dei med farleg skuleveg bur i Mardal krins. Trass at reguleringsplanarbeidet starta for fleire år sidan, let gang- og sykkelveg langs fylkesveg 615 frå Storebru til Sandane vente på seg. Vi har ikkje fått signal om kva tid vi kan vente at desse elevane får trygg skuleveg. Ein gang- og sykkelveg frå Åsavegen til Elvavegen ville også vore til hjelp, og fleire ville få høve til å gå eller sykle til skulen.

Eit anna trafikkfarleg strekke er Fjellvegen-Byrkjelo. Her er det regulert fortau, men det ligg ikkje føre konkrete utbyggingsplanar. Dette er ein fylkesveg.



Fot: Siv Kvalsvik Haugen

4. Den gode skulen

Den gode skulen er den skulen som maktar å skape dei beste føresetnadane for læring og utvikling. I denne planen snakkar vi først og fremst om dei fysiske rammene på og kring skuleanlegga våre. Ein skule bør ha eit minimum av opplæringsareal for å stette krav i lover, forskrifter og læreplanar.

Opplæringslova kapittel 12, skulemiljøet til elevane:

§12-2: Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.

§12-7 Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skulen skal innreiast slik at det leggjast til rette for dei elevane ved skulen som har nedsett funksjonsevne.

Etter vedtak i kommunestyret skal dei ulike bygga og tenestene i Gloppen kommune miljøfyrtårnsertifiserast. No er snart alle barnehagane og skulane ferdig sertifisert.

Klasserom

Dei romma som vi her vel å kalle klasserom, kan og bli kalla basisrom. Det er litt fordi klassebegrepet er vekke frå lovverket, men vert framleis nytta i dagleg tale. Klasserommet er her det rommet som det meste av klasseromsundervisninga går føre seg i, og som er basen til ei klasse. Alle skular bør ha eit klasserom til kvar klasse. Eit klasserom i dag bør ha gode opplegg for å jobbe digitalt med tavler/projektor/skjerm og lyd. Dagens klasserom bør og ha tilgang til straum for alle som er i klasserommet. Det ligg ikkje føre noko nasjonal standard for arealkrav til skuleanlegg. I rettleiar til forskrift om miljørett helsevern i barnehagar og skular heiter det at dersom det er tilgang på anna læringsareal i nærleiken av klasserommet, som grupperom eller spesialrom, så bør det vere eit areal på minimum på 2 m² til kvar elev. Dersom ein ikkje har tilgang til tilleggsareal i nærleiken av klasserommet bør areal helst vere opp mot 2,5 m² pr. elev. Klasserom må vere rigga slik at det er gode høve for lading av datautstyr. Det er ei utfordring i dag.

Grupperom

Det bør vere god tilgang til grupperom på ein skule, og aller helst i nær tilknytning til klasseromma. Det beste er om det er eit grupperom for kvart klasserom. Grupperom bør vere tilrettelagt slik at dei kan nyttast til undervisning i mindre grupper, spesialundervisning med ein eller fleire elevar, gruppearbeid og samtaler.

Alle skular har frå tid til anna elevar med særskilte behov og nedsett funksjonsevne. Det krev eigne areal som stettar behov både for opplæring og hjelp etter helse- og omsorgsloven som medisiner, stell og pleie, kvile, fysioterapi. Rom til denne gruppa må sjølvstendig vere universelt utforma og ha tekniske hjelpemiddel til løft, stell, wc/bad. Arealet må vere stort

nok til at ein kan ha plass til det utstyret som er naudsynt, og gjerne ha tilgjengeleg lagerareal for utstyr som berre vert nytta i periodar.

Areal til kroppsøving

Kroppsøving og fysisk aktivitet er i fokus både som del av folkehelsearbeid og som del av det å kombinere læring og fysisk aktivitet. Ein gymsal er tradisjonelt 10x20m eller rundt 200 m², tilsvarande ei volleyballbane med litt sikkerhetsareal rundt. I tillegg til gymsalen bør det vere lagerareal knytt direkte til salen for kroppsøvingsutstyr, bord og stolar. Gymsalen er ofte det største rommet på skulen og vert mykje nytta til samlingar av heile eller delar av skulen, foreldremøte og framsyningar i regi av den kulturelle skulesekken. Gymsalen er som regel det rommet på skulen som vert nytta mest utanom skuletid, til treningar og samlingar i regi av frivillige lag og organisasjonar. Garderobar er ein naturleg del av gymsalen og bør så langt råd vere lagt til rette slik at dei og kan nyttast i samband med uteaktivitet, aktivetar på kveldstid, kroppsøving og basseng der det er aktuelt. Dusj og toalett bør vere utforma slik at dei er lagt til rette for privatlivets fred med tanke på innsyn frå tilstøytane rom og inne i garderoben. Toalett bør så langt råd vere separate, og i dusjane bør det vere skiljeveggar mellom dusjane.

Skulekjøkken

Mat og helse er ein del av læreplanen både på mellomtrinnet og ungdomsskulen. Eit skulekjøkken vert og nytta i mange andre samanhengar både i småskulen og i andre fag og tilstellingar som er på ein skule. Skulekjøkken er eit rom som på mange skular er populært å låne for lag og organisasjonar til både kurs og arrangement. Eit skulekjøkken bør vere så stort at det har arbeidsstasjonar til ei gjennomsnittleg klasse. Skulekjøkkenet bør og ha høve for teoriundervisning, og kunne nyttast til grupperom når det ikkje er i bruk som kjøkken.

Kunst og handverk

Alle skular må ha areal til faget kunst og handverk. Faget er samansett, og krev litt ulike typar rom og utstyr. Det viktige er å ha areal som er fleksible, både til det lette arbeidet som krev lite areal og utstyr, og til arbeid som krev tyngre materialar og utstyr. Areal til kunst og handverk bør gje rom for både tradisjonelt sløydarbeid og mindre formingsarbeid. Sett i lys av fokus på djupnelæring i nye læreplanar, og kor viktige dei praktisk-estetiske faga er for mange elevar, så er det viktig at vi legg til rette for gode areal til kunst og handverk i Gloppen. Det er og areal som vert nytta når ein skal konkretisere og jobbe praktisk med ulike fag. Areal til kunst og handverk må og stette krav til sikkerheit og miljø ved bruk av maskiner og utstyr.

Musikkrom

Musikk er eit fag i læreplanen. Ein treng ikkje alltid eit eige rom til musikkundervisning, men undervisninga krev rom til å lagre instrument og anna materiell. Musikkundervisning bør gå føre seg i eit rom som er lyddempa eller skjerma, slik lyden ikkje påverkar undervisning i tilstøytane rom. Musikkrom bør og vere utforma slik at det kan nyttast til vanleg undervisning ved behov.

Naturfagrom

På ungdomsskulane våre er det nødvendig med eit naturfagrom som er rigga slik at det er lett å kunne gjere øvingar og forsøk, og som har nødvendige lagermogelegheiter til utstyr. Naturfagromma skal ha ventilasjon som er tilpassa rommet sin funksjon.

Samlingsstad

Dei fleste skular har frå tid til anna behov for å samle heile eller delar av elevflokk. Det kan og vere behov for å samle foreldre på tvers av trinn til foreldremøte. Slike areal kan vere felles gangareal mellom klasserom, gjerne knytt til inngangsparti. For dei fleste skular vil gymsalen vere alternativet for slike samlingar og fungere godt, eller det finst rom i nærliggande bygningar som kan nyttast. Men det er viktig at skulane har eit areal til slike samlingar for å bygge fellesskap og identitet.

Arbeidsplassar for tilsette

Det er viktig med gode arbeidsplassar for tilsette. Det har vore ei utvikling der dei tilsette på skulane er større del av arbeidsdagen på skulen, både til individuelt arbeid og til samarbeid i kollegiet. Arbeidstilsynet si norm er om lag 6 m² areal pr arbeidsplass. Digitaliseringa fører og med seg at arbeidsplassane må vere tilrettelagt som gode dataarbeidsplassar med plass til ekstern skjerm, dokking osv. Standard no er tilpassa kontorstolar og hev/senk arbeidsbord. Vi har eit stykke fram før vi har det på plass i skulane våre.

Skulefritidsordning (SFO)

SFO er eit tilbod til elevar i 1.-4. trinn og dei med spesielle behov i 5.-7. trinn. Arealet kan kombinerast med vanlege klasserom og grupperom, men det bør likevel vere tilrettelagt på ein slik måte at det er lett tilgang på ein kjøkkenkrok, toalett og garderobe. Arealet bør og vere utforma slik at det ein treng av utstyr til leik og andre aktivitetar er lett tilgjengeleg, så det ikkje vert for mykje jobb med å ta det fram og rydde det vekk. Småprosjekt må kunne lagrast frå dag til dag. Det beste er om det er eit eige areal som er avsett til SFO, men som kan nyttast til undervisning/grupperom delar av skuledagen. Siste åra har 1.-3. trinn fått gratis 12 timar på SFO, noko som har auka tal elevar på SFO og som har gjeve eit auka press på areal.

Universell utforming

Alle offentlege bygg skal vere universelt utforma i dag. Universell utforming vil seie å utforme produkt og omgjevnader slik at dei kan takast i bruk på ein likeverdige måte av flest mogeleg, utan at det er behov for tilrettelegging eller spesiell tilpassing. Kravet gjeld og uteområdet.

Uteområde

Det er ikkje krav til uteareal på skular slik som det er for barnehage. Sosial- og helsedirektoratet gav i 2003 ut ein rapport «Skolens utearealer – om behovet for arealnormer og virkemidler» Her er det skissert nokre minstenormer og nokre krav til innhald og utforming. Når det gjeld uteareal så opererer ein med nettoareal, som i denne

samanheng betyr tomteareal trekt ifrå fotavtrykket frå bygningar og parkeringsareal. Det bør vere 50 m² per elev, eller som det går fram av tabellen under:

Anbefalingar uteareal for skular med:	
Mindre enn 100 elevar	5000m ²
100 til 300 elevar	10000 m ²
Over 300 elevar	15000 m ² , med eit tillegg på 25m ² for kvar elev over 300.

Tilrådd uteareal for skular

Krav til innhald og utforming er at utearealet skal gje rom for allsidig fysisk aktivitet, ulike typar sosial aktivitet, gje tryggleik og vere trivselsskapande. Det skal vere høve til endring av det fysiske miljøet, gje rom for å tileigne seg ny kunnskap og drive verkelegheitsnær læring. Samt gje rom for spenning og skape lokal identitet. Den fysiske utforminga bør sikre så gode solforhold som råd, skjerme mot vind, unngå forureina områder og områder med kald luft. Det bør vere trafikksikre omgjevnader i ein radius på 200 m frå skulen. Tilrettelagt areal i uteområdet må ha universell utforming, men det kan vere innslag av natur.

For Gloppen bør skuleområda og fungere som nærmiljøanlegg i sitt område, slik at det er tilgjengeleg for aktivitet utanom skuletida. Det er viktig at skulane og har tilgang til naturområde i gangavstand frå skulane, med tanke på både fysisk aktivitet og læring i ulike fag. Det er eit ynskje at uteområdet gir høve til frileik og naturleik i tråd med nyare forskning.

Trafikk

Det er mykje trafikk knytt til ein skule. Elevar og tilsette skal i stor grad på same tid kome seg til skulen og inn på den. Det er viktig at vi legg til rette for at det er lett å gå og sykle til skulen både for elevar og tilsette. Parkeringsareal bør ligge skjerma frå gang- og sykkelareal inn mot skulen. Det er viktig med gode forhold for bussar og taxi som leverer til skulen, og foreldre som av ulike grunnar køyrer elevane på skulen. Av- og påstigningssoner og parkering kan gjerne ligge litt i frå skulen for å sikre gode trafikale forhold. Gloppen kommune er del av Trygg trafikk sitt «trafikksikker kommune» og skulane er «trafikksikre skular» Det å vere ein trafikksikker kommune set krav som det stadig må jobbast med og etter. Alle skular vart regodkjende som trafikksikre skular hausten 2024. Denne godkjenninga varer ut 2027. Godkjenninga vart gjort av Trygg Trafikk.

Politisk er det viktig å jobbe med gang- og sykkelvegar til skulane. Det som i skulesamanheng vil lette mest er strekninga mot Søreide/Bukta området og Fjellvegen på Byrkjelo.

5. Den gode barnehagen

Barnehagelovens § 1. Formål.

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

Vidare står det i § 2 om barnehagens innhald at barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal gje barn mogelegheiter for lek, livsutfolding og meningsfylte opplevingar og aktivitetar. Barnehagane skal:

- Ta omsyn til barna sin alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn.
- Støtte barn si nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær og gje utfordringar med utgangspunkt i barnets interesser.
- Ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon, og bidra til å utjamne sosiale forskjellar.

I det daglege er det rammeplanen som styrer innhaldet i barnehagen.

Uteareal

For å ivareta lov og planverk er det fastsett ei rettleiande norm for inne- og uteareal som ein merknad frå Kunnskapsdepartementet til barnehagelova, sjå tabellen under.

Inne:	Barn over 3 år: 4 m ² netto per barn Barn under 3 år: om lag 1/3 meir per barn, ca 5,3 m ²
Ute:	Om lag 6 gangar leike- og opphaldsareal inne: Barn over 3 år: 24 m ² Barn under 3 år: 33 m ² Parkeringsplass, tilførselsvegar o.l. reknast ikkje med.

Uteareal i barnehagen

I «Veileder for utforming av barnehagens utearealer» utgitt av Kunnskapsdepartementet i 2006 er det mange anbefalingar knytt til uteareal i barnehagen. Av punkt som er lista opp av aktivitetar som barnehagen sitt uteområde bør tilby er:

- Leik med sand
- Leik med vatn
- Små plassar og rom – leik i små grupper.
- Utforske natur – aktivitetar i natur (fysisk leik)
- Byggeaktivitet i natur (konstruksjonsleik)
- Aktivitetar på harde flater (ball, sykling, hoppe tau, paradisi, teikne med kritt osv)

Det er fastsett ei forskrift om sikkerheit ved leikeplassutstyr. Den regulerer leikeplassutstyr og skal sikre at utstyret ikkje medfører helseskade for brukarar eller tredjepart når utstyret vert brukt til dei formål det er tenkt, eller slik det kan forventast at barn brukar det. Dei viktigaste punkta her er fallunderlag, farlege opningar og vinklar, materialar/kjemiske eigenskapar, sikkerheitssoner, risiko, produkt/leverandør, og jamleg ettersyn og vedlikehald. I Gloppen har vi årleg tilsyn med leikeapparata.

Trafikkareal

Det er mykje trafikk knytt til ein barnehage. Uteområdet knytt til tilkomst til barnehagen bør vere prega av sikkerheit, orden og oversikt. Tydelege og enkle køyremønster skal hindre trafikkfarlege situasjonar. All trafikk til og frå barnehagen bør vere avskilt frå barnehagen sitt uteområde. Ideelt sett bør servicetrafikken ha eigen tilkomst der barna ikkje ferdast. Viktige punkt med tilkomstområdet er då parkeringsplass, billomme, køyreareal, gangareal utanfor porten, port og gjerde, gangvei, inngangsparti og belysning.

Gloppen kommune er del av Trygg trafikk sitt «trafikksikker kommune» og barnehagane er trafikksikre. Det å vere ein trafikksikker barnehage set krav som det stadig må jobbast med og etter. Alle barnehagane vart godkjende som trafikksikre barnehagar hausten 2024. Denne godkjenninga varer ut 2027. Godkjenninga vert gjort av Trygg Trafikk.

Inneareal

Arealberekninga ved fastsetjing av leikeareal skal ta utgangspunkt i dei romma som faktisk står til disposisjon for barns aktivitetar. Det gjeld eksempelvis leikerom, grupperom og sove- og kvilerom. Garderoben kan reknast inn om den er eigna som leike- og opphaldsrom. Det same gjeld kjøkken, dersom det reelt vert nytta til barns aktivitetar. Det er krav til kjøkkenet si utforming i høve Mattilsynet sine krav, spesielt om det vert laga til smørjemåltid og varm mat innimellom. Personalrom, kontor, stellerom og toalett skal ikkje reknast med. Utforminga av romma har mykje å seie for kva aktivitetar dei innbyr til. Mogelegheit til å lage rom i rommet og ulike nivå er viktig for leiken.

Med lovfesta plantid og anna forventa samarbeidstid og møteaktivitet i ein barnehage må det vere lagt opp til og vere tilrettelagt for gode arbeidsplassar i barnehagane. Det er eit område som generelt sett er noko mangelfullt i ein del barnehagar.

6. Vurdering av dagens skular

Sandane skule

Slik prognosane er framover må Sandane skule riggast for å kunne ha to parallellar på alle trinn. Til det krevst det 14 klasserom. Det vil skulen ha frå hausten 2025 med ny andre etasje på modulbygget. Musikkrommet nytta som klasserom i tillegg er SFO basen nytta som klasserom.

I 2019 vart det sett opp eit modulbygg med sju ekstra kontorplassar. Frå hausten 2025 vil vi bruke eit klasserom til ti arbeidsplassar for tilsette. Samstundes vil eit tilhøyrande grupperom verte gjort om til kontor for helsesjukepleiar og elles kunne nyttast til samtalar og møter. Personalrommet vert utvida med eit tilhøyrande møterom og eit arbeidsrom vert gjort om til møterom.

Garderobeforholda til dei tilsette må og utvidast slik at dei har plass til og er dimensjonert for alle tilsette. Dei er ikkje tilfredsstillande slik dei er i dag.

Gymsalen bør framleis vere gymsal, slik at den kan nyttast til kroppsøving for i alle fall dei yngste, sjølv om 5.-7. trinn kan nytte Trivselshagen. Då vil og skulen framleis ha eit stort rom som elevane kan samlast i til ulike arrangement. Sandane skule er om lag 40 år og vil trenge ei generell opprusting.

Uteområdet er variert med flater og bakkar og litt naturområde. Plassering av bygningane gjer at det er oppdelt i fleire mindre område. Det fører til spreiding av aktivitetar. Området kan ikkje utvidast, delvis skulda topografiske tilhøve, delvis at skulen er omgitt av bustadhus og offentlege institusjonar. Uteområdet har fått eit løft med nye aktivitetsapparat skuleåret 21/22.

Nordstranda skule

Nordstranda skule er fulldelt på alle trinn, noko som betyr sju klasser, og bør dimensjonerast for det framover. Ombygginga med ny administrasjonsfløy førte til at skulen fekk to klasserom mindre. Skulen treng å få tilbake desse klasseromma. Det er behov for spesialrom i kunst og handverk med tilhøyrande lager. Mangel på spesialiserte læringsareal for musikk og naturfag er eit stort sagn for skulen. Den store utfordringa på Nordstranda skule er variasjonen i klasseromsstørrelsen frå om lag 11 elevar til 21 elevar med utgangspunkt i 2,5 kvm pr elev.

Nokre av elevgarderobane er i dag for tronge og vil fungere dårleg ved høgare elevtal. Skulen har ikkje eit skulebibliotek som kan fungere som slik som føresetnaden. Det er stort behov for lagerplass. I dag blir galleriet i gymsalen brukt til lagerplass og skulen har eit fjernlager.

Skulen har hatt gode fysiske rammer for elevar med nedsett funksjonsevne. No er mykje av dette arealet nytta til kunst og handverk. I dag brukar SFO areal som elles er undervisningsrom i dagleg bruk. Sambruk er krevjande, det krev stor fleksibilitet og planlegging. Gymsalen er mykje i bruk på kveldar og periodevis i helgar til aktivitetar og arrangement. Kjøkkenet er i bruk som vanleg klasserom når det ikkje er mat og helse undervisning der.

Uteområdet er i dag greitt avskjerma for parkering og trafikk. Det har vore gjort nokre grep for å betre trafikktryggleiken i parkering/trafikkområdet rundt trafostasjonen med belysning og einvegskøyting. Det er likevel trafikkert veg som grensar opp til delar av skulen sitt uteområde. Uteområdet er godt opparbeida for variert leik, med leikeapparat og ballbinge, nokre leikeapparat er fornya siste åra.

Oppsummert fungerer Nordstranda skule godt for det elevtalet som er forventa framover. Ved investeringar på Nordstranda skule er det først og fremst to klasserom som er behovet, gjerne med tilhøyrande grupperom. Klasseromma bør då ha ein størrelse som tilseier at 27 elevar kan få plass i dei. Så er det eventuelt eit spesialrom for kunst og handverksfaget som vert prioritert.

Gloppen ungdomsskule

Gloppen ungdomsskule (GU) er ein relativt ny skule etter utbygging og ombygging. Skulen har blitt teneleg og framstår som «ny» noko som gjev godt med spelerom både med tanke på pedagogisk arbeid og arealbehov. I samband med digitaliseringa og at no har kvar elev si datamaskin er to klasserom som tidlegare var datarom omdisponert til anna bruk.

GU har eit uteareal med volleyballbane, basketballbane, balanseapparat, ny ballbinge i 2025, fuglereirsdisse i 2024, ein klatrevegg, utescene ved musikkrommet. GU ligg også rett ved Sandane stadion (med dei planane som ligg der), ei lita bru rett over frå framsida av skulen ville gjort det lett å bruke den i friminutta. Det er og planar om å utvikle området ved Trivselshagen, noko som på sikt kan fungere som ein del av uteområdet til ungdomsskulen.

Ungdomsskulen er bygt for tre parallellar på kvart trinn, det vil og vere rom for år med ytterlegare deling til ti klasser. Elevtalsframskrivingane tyder ikkje på behov utover ni klasser.

Breim skule

Breim skule er fulldelt på alle trinn noko som betyr sju klasser. Det har år om anna vore trinn som har vore todelte slik at det har vore 8/9 klasser på skulen. Kvar klasse har eige klasserom med ein storleik som er godt innanfor krava til gjeldande arealnorm. Skulen disponerer åtte grupperom, eit av dei er disponert som baserom for enkeltelevar med særskilte behov i periodar det er eit behov ved skulen. No er rommet brukt som eit leikerom for dei yngste elevane. Eit anna rom er i 2024 bygt om til eit innbydande skulebibliotek med oppdatert boksamling og fine lesestrokar.

Arealet SFO brukar er disponert som klasserom på dagtid. Skulen nyttar eit rom til kombinert musikk og kunst og handverksrom. Kjøkkenet er stort og godt eigna til undervisning i mat og helse. Å kombinere SFO og klasserom er ei utfordring, men med godt samarbeid fungerer det. Det gjev likevel ein del avgrensingar i høve til innreiking og bruk av rommet.

Gymsalen er i bruk kvar dag på kveldstid, og delvis i helgar av ulike lag og organisasjonar. Den er og i bruk i tilknytning til idrettsarrangement. Klasserom og kjøkken er lånt ut til møter, kurs osv. Skulen har eit godt samarbeid med mange lokale lag og organisasjonar i bygda. Bassenget, som er vedteke skal vere ope fire månader i året fungerer godt og er ein stor fordel med tanke på å spare tid til reise for å drive symjeopplæring.

Skulen har eit stort og godt uteområde. Området er flatt, med leikeapparat på området. Skulen har lett tilgang til Byrkjelo stadion med både friidrettsanlegg, fotballbane og sandvolleyballbane. Uteområdet er oppgradert siste åra med aktivitetsanlegg, hinderløype, nye fuglereirsdisser og vippe. Skulen disponera eit lite skogsareal nær skulen der lavvo, bålpanne og naturleik kan stå i fokus. Skulen har og eit areal i nærleiken som vert nytta til skulehage der skulen dyrkar ulike grønsaker.

Med dagens prognoser på elevtalsutvikling så er Breim skule stor nok til å ta unna den elevtalsutviklinga som kjem framover utan større behov for areal. Breim skule vil ha behov for mindre vedlikehaldsarbeid i planperioden, særskilt knytt til garderobar og gymsal.

Hyen skule

Det er bygt ny skule i Hyen som er klar til skulestart august 2025. Skulen er bygt som ein 1. – 10. skule, som er fådelt med samanslåtte klassesetrinn. Skulen er bygt og tilpassa dette, med ein fleksibilitet i korleis delingane vil vere. Det er lagt opp til eigne inngangar for småskulen, mellomtrinnet og ungdomsskulen. Det er bygt eit lydtett musikkrom som og kan gjerast om til eit tilpassa areal om det kjem elevar med særskilte behov. Det er eige naturfagrom, skulekjøken og kunst og handverk rom. Sentralt i skulen er det eit hjarterom og amfi som kan samle alle elevane og som kan nyttast i ulike fellessamlingar. Det er lagt opp til areal til skulebibliotek i fellesarealet. Dei tilsette får gode arbeidsplassar tilpassa dagens krav.

Idrettsbygget med gymsal og basseng er oppgradert i 2019 slik at det har universell utforming i tillegg til at bassenget er i drift seks månader i året. Utearealet til Hyen skule er bygt nytt i samband med bygginga av skulen. Det vil vere tilpassa dei ulike aldersgruppene på skulen og vere universelt utforma. Uteområdet til Hyen skule har fått seg eit betydeleg løft i samband med ny skule. Saman med Hyen stadion har skulen eit mangfald av mogelegheiter. Området som tidlegare har vore «gøymt» bak skulen. «Lunden» vil no verte meir tilgjengeleg og direkte knytta til uteområdet og gje mogelegheiter for naturleik.

Gloppen opplæringscenter

Gloppen opplæringscenter held til i leigde lokale i Sandalsbygget, Nordstrandsvegen 12. Kommunen hadde ein leigeavtale som gjekk fram til august 2023 med opsjon på vidare leige med eit pluss eit år. Vi har no i 2025 nytta oss av begge opsjonsåra og vil gå i vidare tingingar med huseigar om å få forlenge avtala til ei meir permanent løysing er på plass, enten det er ei langvarig leigeavtale eller kommunale lokale.

Skulen har i dag tenelege lokale som stettar det behovet vi ser vil vere her dei komande åra. Skulen ser det som ein fordel å vere lokalisert i Sandane sentrum. Det er noko uklarheit knytt til parkering rundt dagens bygg og kva plassar som tilsette/elevane kan stå på gjennom dagen og knappheit på plassar. Lokala i dag har noko å gå på når det gjeld energikjelder og energiforbruk. Det er i periodar utfordringar med inneklimate i dagens lokale.

Gloppen opplæringscenter sine behov framover vil vere avhengig av kor mange flyktningar som kommunen buset. Variasjonen dei siste åra har vore frå 20 til 75 flyktningar årleg. Det er vanskeleg å berekne elevtalet fram i tid, sidan dette er avhengig av mange ulike faktorar som politiske vedtak, flyktningstraumar i verda og bakgrunnen til dei flyktningane vi buset.

Gloppen opplæringscenter disponera i dag litt i overkant av 500 kvadratmeter i tillegg kjem gangareal/fellesareal. fire klasserom, to grupperom, datarom og opphaldsareal for elevane, toalett, mindre lager, pauserom for tilsette og kontorarbeidsplassar til leiing og tilsette.

Kommunedirektøren ser føre seg tre alternativ vidare. I det ligg det til grunn omlag same areal som vi har i dag.

1. Flytte inn i kommunale lokaler (Nordstranda skule)
2. Flytte inn i Trivselshagen IKS, der vi delvis eig lokaler om det er ledig kapasitet.
3. Langsiktig leigelokale i Sandane sentrum.

7. Modellar for å løyse behova i grunnskulane.

Når vi snakkar om skulestruktur så er klassestorleik eit viktig poeng. Grensene som tidlegare var for deling av klasser gjeld ikkje lenger. Stortinget sin føresetnad når klassesdelingstala vart tekne vekk var at dei då gjeldande delingstala skulle vere retningsgjevande. Dei var då 30 for ungdomsskule, 28 for barneskule som er fulldelte. Da 6-års reforma vart innført var delingstalet i 1. trinn 18 som retningsgjevande, det har ikkje Gloppen retta seg etter. Kommunedirektøren meiner at Gloppen kommune skal ha som prinsipp at for barneskulen bør klassesdelingstalet som hovudregel vere på 25 elevar, og for ungdomsskulen på 30 elevar. Eit slikt prinsipp vil og gjere klassesdelinga meir lik mellom skulane våre. I forhold til klassesdeling vil størrelse på klasserom og kunne ha betydning.

Forsking syner at klassestorleik / skulestorleik har lite å seie for læringsutbytte for elevane. Det er ingen samanheng mellom sosial trivsel og skulestorleik eller om elevane går på ein 1-10 skule, 1-7 skule eller 8-10.

Forskarar som har sett på korleis klassestørrelsen påverkar norske fjerdeklassingar sine resultat på nasjonale prøver, finn ikkje nokon sterk generell samanheng mellom det å gå i ei lita klasse og gode resultat på prøvene. Det er likevel nokon elevgrupper som tener på små klassar. Små klassestorleikar har lite å seie for elevar som har høgt utdanna foreldre. Barn av foreldre som ikkje fullfører vgs gjer det betre i lita klassa. På same måte ser ein at skilsmissebarn klarer seg betre i små klasser enn i store klasser. Det er altså dei sårbare barna som kjem dårleg ut av å gå i store klassar (Rapport *Senter for praksisrettet utdanningsforskning, SePU*).

Modell 1 – Dagens struktur

Om modellen.

Dagens struktur betyr at Gloppen held på dei skulane vi har i dag, plassert der dei er, og gjer nødvendige utbyggingar og oppgraderingar. Krinsgrensene består som i dag.

Gloppen ungdomsskule er oppgradert og påbygd. Her er det tidsriktige lokale og kapasitet til å ta imot forventa elevtal i planperioden. Det vil ikkje vere naudsynt med større oppgraderingar eller bygningsmessige endringar i planperioden. Det er heller ikkje venta større vedlikehaldsbehov på dagens bygningsmasse.

Hyen skule er ein nybygd skule som opnar i august 2025. Skulen vil vere teneleg for det behov som vil vere i Hyen i planperioden og vidare framover. Uteområdet er på same måte som skulen, nytt. Det vi må sjå på når det gjeld Hyen skule er samarbeid med Gloppen ungdomsskule og sjå om vi kan nytte teknologi til å dele ressursar og gje elevane samla eit betre fagtilbod og samstundes spare ressursar på den måten. Hyen skule vil ikkje ha behov for ekstraordinært vedlikehald i planperioden.

Breim skule har tilstrekkeleg kapasitet til det elev- og klassetal som er venta framover. Det vil ikkje vere behov for utbygging eller ombyggingar i planperioden. Bassenget er i dag tenleg og vil vere i drift 4 månader i året. Uteområdet er godt på Breim skule med varierte areal rundt skulen i tillegg til Byrkjelo Stadion sine fasilitetar som skulen kan nytte.

Sandane skule får hausten 2025 tilført ein andre etasje på modulbygget. Det vil gje to klasserom og to grupperom, samt tilhøyrande elevgarderobar og toalett. Det vil løyse behova skulen har for undervisningsareal. Det løyser og behov for lærararbeidsplassar og litt mindre behov knytt til personalrom og kontor/møterom. Det som ikkje er tilfredsstillande på Sandane skule då er garderobefasilitetane til dei tilsette. Til det trengst det meir areal. Med desse grepa vil Sandane skule kunne fungere godt med det elevtalet som er i framskrivingane og prognosane i denne planperioden.

Sandane skule har ei bygningsmasse som er byrja å bli gamal (1977 og nyare) og som etter kvart vil krevje meir omfattande vedlikehald når det gjeld tekniske anlegg, men og på meir overflate oppussing. Døme på grep som må gjerast dei komande åra er oppgradering av brannvarslingsanlegg, SD anlegg, ventilasjonsanlegg, VVS, varmesystem osv. Her vil det vere behov for å få eksterne til å sjå på omfanget av ei oppussing av Sandane skule.

Uteområdet på Sandane skule har fått seg eit løft siste åra, men vil ha behov for oppgraderingar. Det vil vere behov for å gjere noko med trafikktryggleik rundt varelevering.

Nordstranda skule vil kunne dekke det elevtalet som framskrivingar og prognoser tyder på. Det vil vere litt lågare enn i dag. Nordstranda skule har få klasserom som er eigna til klasser over 20 elevar om det skulle vere årskull som er så store. Skulen vil utan større investeringar og utbyggingar kunne fungere godt framover. Det vil likevel vere ynskjeleg å bygge eit eller to større klasserom. Uteområdet treng jamleg vedlikehald og oppgraderingar. No står kommunen som eigar av arealet som Nordstranda disponerar.

Ressursfordeling mellom skulane og med ulike sparetiltak.

Ei løysing der vi beheld dagens struktur vil likevel ikkje seie det same som lik personalressurs som i dag. Vi vil lage ein modell som vil synleggjere korleis ressursane vert fordelt mellom skulane med utgangspunkt i elevtal, og nokre andre objektive kriterium saman med ein del som er basert på skjønn utifrå lokale forhold som elevar med individuell tilpassa opplæring og at det er tilstrekkeleg timar til å få timeplanen til å gå opp. Ramma vil ta utgangspunkt i årsrammetimar i tråd med budsjettrammer.

Tabellen under syner berre eit døme på korleis ein ny modell kan sjå ut med 4-5 årsverk mindre samla på skulane.

	Basert på siste GSI* tal		
Skular	Årstimar 24/25	Årsverk 24/25	DØME på nye fordeling
GU	16787	25,59	24
Sandane	17811	24,03	24
Breim	8678	11,71	11
Nordstranda	9881	13,34	11
Hyen	4638	6,47	6,5
Årsverk		81,14	76,5

*GSI er Grunnskulens informasjonssystem (KOSTRA)

Pedagogiske vurderingar

Ved å oppretthalde dagens modell vil det ikkje føre til noko inngripande tiltak i verken elevane eller dei tilsette sin arbeidskvardag. Dette gjev god stabilitet som er viktig for både tilsette og elevar. Med dagens modell vil ein klare å ivareta dei sårbare barna på ein god og forsvarleg måte. Det er med på å skape forutsigbarheit og tryggleik i elevane og dei tilsette sin arbeidskvardag. Alle skular kan halde fram med det gode arbeidet som ein gjer. Det er viktig å peike på at om ein beheld dagens modell vil det vere skilnad i tal elevar pr skule.

Samfunnsmessige vurderingar

Alle tilsette får halde fram med arbeidet sitt og ein sikrar dermed god kontinuitet i arbeidet på kvar enkelt skule. Ved å halde på denne modellen vert det lettare å behalde og rekruttere lærarar.

Modell 2 – Dagens struktur – med justerte skulekringsgrenser.

Om modellen.

Vi beheld skulane som i dag, som omtalt i modell 1, men ser på om vi kan justere skulekringsgrensene for å fordele elevane betre mellom skulane. Både for å nytte kapasiteten på Nordstranda skule betre og avlaste Sandane skule noko. Det same kan gjelde for å sjå om det er elevar som kan gå på ein nybygd skule i Hyen.

Ulike alternativ

Alternativ 1 – flytte grensa mellom Sandane og Nordstranda skulekrins lenger mot aust

Det vil ha lite å seie for barnetalet å flytte grensa inn til og med Høgenausen. Det vil mykje truleg og bety at vi må ha fleire barn med skuleskyss frå dette området, til Nordstranda skule, samstundes som avstanden til Sandane skule er kortare og vil gå utan skuleskyss.

Alternativ 2 – flytte grensa mellom Sandane og Nordstranda skulekrins slik at alle bustader nord om E39 (Valborgkleiva) høyrer til Nordstranda krins

Her vil elevtalet verte større. Det vil vere lite heldig både utifrå kostnader til skuleskyss og i eit folkehelseperspektiv å la elevar som i dag kan gå/sykle til skulen å måtte bruke skuleskyss. Strekninga langs E39 er ikkje eigna som skuleveg. Det vil vere tilfelle med dette alternativet. Tal barn kan verte ei utfordring med tanke på kapasiteten til Nordstranda skule på enkelte trinn og.

Alternativ 3 – flytte grensa mellom Sandane og Hyen, slik at Nesjane vil høyre til Hyen krins.

Det er i dag ni elevar i Nesjane krins som potensielt kan ha like lang skuleveg til Hyen som til Sandane. Elevtalet frå Nesjane krins har vore fallande dei siste åra. Vi har ein nybygd og flott skule i Hyen som har god kapasitet til å ta imot elevane frå Nesjane. Sist dette var oppe, så var grendalaget på Nesjane tydelege på at dette ikkje var eit alternativ som dei ynskte, det handlar mykje om fritidsaktivitetar.

Alternativ 4 – la elevar som alt har skuleskyss og er på buss gå på Nordstranda skule.

Barneskuleelevar i aktuelle grunnkretsar

Sande	Rygg	Kandal	Nesjane
24	21	4	9

Alternativet vil vere om elevar som alt er i skulebuss og som går på Sandane skule i dag skal gå på Nordstranda skule. I tabellen over ser vi ulike grunnkretsar og barnetal. Nesjane og Kandal er dei som har lengst veg til skulen og er eit elevtal som Nordstranda har kapasitet til. Spørsmålet er om det vil vere naturleg å dele Sørstranda elevane på to ulike skular. Pedagogisk vil det ikkje ha så store konsekvensar, det vil verte eit litt jamnare elevtal mellom skulane som gjev betre utnytting av skulane.

Modell 3 – Dagens struktur med Sandane og Nordstranda slått saman og samla på Sandane skule.

Om modellen

Modellen går ut på at Nordstranda og Sandane skule vert slått saman til ein felles 1.-7. skule. Skulen vil avhengig av klassesdelingstal ha to parallellar dei fleste år, med nokre år i starten der to trinn må delast i tre. Det tek utgangspunkt i eit klassesdelingstal på 27. I førre plan låg det til grunn eit delingstal på 25. Med eit delingstal på 25 vil vi få tre parallellar dei fleste åra.

Uteareal og lokalisering

Sandane skule har ei tomt på 17,8 mål, fotavtrykket til skulen er om lag 2,5 mål. Det er og delar av tomta mot Trivselshallen og museet som ikkje er i bruk eller tilgjengeleg, det utgjer om lag 3 mål. Det betyr at utearealet er om lag 12 mål. Det er mindre enn anbefalt uteareal for ein skule med i overkant 350 elevar. Det er likevel eit godt areal samanlikna med meir bynære skular som har svært avgrensa uteareal. Sandane skule har ei god lokalisering med

gangavstand til Myklebustflata med ball og leikeareal, Myra med naturområde, Trivselsskogen, Sandane stadion, Trivselshagen idrett og kultur. Det er og kort avstand til Sandane sentrum og fjorden.

Undervisningsareal

Sandane skule vil som ein samanslått skule ha behov for to klasserom ekstra og tilhøyrande grupperom og elevgarderober. Vi legg til grunn ei investering på om lag 15 millionar (modulbygg)

Administrativt areal

Sandane skule manglar i dag tilfredstillande personalgarderober. Det må og leggst til rette for fleire lærararbeidsplassar og to kontor. Vi legg til grunn å løyse dette innanfor investeringa på om lag 15 millionar som er skissert under undervisningsareal.

SFO

Tal barn på SFO har auka siste åra og vil krevje meir areal, noko som kan løysast ved å nytte uteområde og Trivselshagen samt eksisterande areal på Sandane skule.

Skuleskyssvurderingar

Vi må rekne med at omtrent alle barn frå Nordstranda krins må ha skuleskyss. Det er ikkje alle som er utanfor 4 km grensa til Sandane skule, men på grunn av farleg skuleveg må vi pårekne at mange av dei får rett til skuleskyss. Nokon av dei som har skyss

Pedagogiske vurderingar

Ved denne løysinga vil det bli fleire elevar i kvar klasse. Forsking viser at klassestorleik ikkje har så mykje å seie for læringsmiljøet til elevane, bortsett frå dei sårbare barna som ikkje vil profitte på store klassar. På den andre sida blir det mykje meir arbeid for lærarane som skal tilpasse undervising for ei stor gruppe med samansette utfordringar i ei klasse. Ved denne løysinga krev det at ein må organisere skuledagen ulikt for dei ulike klassene. Td. friminutt til ulike tider.

Ved å samlokalisere desse to skulane vil ein få eit solid fagnettverk og kunne nytte kompetansen til lærarane på ein god måte.

Samfunnsmessige vurderingar

Fordelen med ein samanslått skule er at vi får teke ut dei gevinstane som ligg i ei felles leing kontra dagens med to skular. Vi vil få eit stort fagmiljø. Med ein samla skule tek ein eit grep som vil stå seg langt inn i framtida både med tanke på kapasitet og framtidige strukturdebattar. For at alt dette skal fungere må rammevilkåra tilpassast skulestorleiken, slik at vi klarar å ivareta alle elvar på ein god og forsvarleg måte samt å rekruttere og behalde tilsette for framtida.

Tabellen under syner behov for ressursar ved ein samanslått skule og innsparingspotensial utifrå dagens rammer. Den syner ei innsparing på knappe 4 årsverk. Den legg til grunn store klasser på inntil 27 elevar, den tek omsyn til lærarnormen og har eit klassesdelingstal som er basert på elevtalsframskrivingar slik vi kjenner det i dag. Assistent årsverk tek utgangspunkt i dei stillingane vi har i dag på Nordstranda og Sandane. Det inkluderar både fagarbeidar, miljøterapeut og assistent stillingar. Det er lite sannsynleg at behovet går ned med gjennomsnittleg større klasser. Desse assistentårsverka er i tabellen delt skjemastisk likt på alle trinn, men vil ikkje vere det i praksis og primært vert dei nytta på dei yngste trinna. Delingstimar er timar vi må bruke for å dele klasser i fag som Mat- og helse, Kunst- og handverk, symjing osv. Kontaktlærar er reduksjon av leseplikt til dei som er kontaktlærarar, normalt ein time i veka. Med klasser over 21, så utløyser vi ein ekstra time pr klasse. For leksehjelp ligg det til grunn 16 timar som er 8 mindre enn i dag. For individuelt tilpassa opplæring (ITO) er det lagt til grunn same bruk som er på skulane i dag, då det er knytt til enkeltvedtak. Særskilt norskopplæring (SNO) ligg det til grunn ein reduksjon i høve dagens bruk, men likevel slik at dei fleste av veka sine timar er dekkja.

	Lærarressurs	Klasseressurs v/2	Lærarnorm	Klasser	Ordinære års	Assistent årsverk	Delingstimar	Kontaktlærar	Leksehjelp	ITO	SNO
1 klasse	1	1,8	1:15	2	3,6	0,9	0,38	0,154	0,0385	0,65	0,15
2 klasse	1	1,8	1:15	2	3,6	0,9	0,38	0,154	0,0385	0,65	0,15
3 klasse	1,1	1,8	1:15	2	3,6	0,9	0,38	0,154	0,077	0,65	0,15
4 klasse	1,1	1,8	1:15	3	5,4	0,9	0,38	0,231	0,12	0,65	0,15
5 klasse	1,2	1,4	1:20	2	2,8	0,9	0,38	0,154	0,12	0,65	0,15
6 klasse	1,2	1,4	1:20	2	2,8	0,9	0,38	0,154	0,12	0,65	0,15
7 klasse	1,3	1,4	1:20	3	4,2	0,9	0,38	0,231	0,12	0,65	0,15
Samla					26	6,3	2,66	1,232	0,634	4,55	1,05
Andre årsverk	Årsverk	Merknad:	Kontor	0,7					Oppsummert		
Rektor	1		Pedagog	36,1					Samla ressurs i dag		57,8
Inspektør	2		Miljøarbeid	6,3	andre yrkesgrupper				SFO i dag		5
Kontor	0,7		Anna	2,9	Funksjonar/senior/nyutd				Samla - samanslått		49,0
Senior/nyutd	1,9	Redusert leseplikt	Leiing	3					Innsparing - årsverk		3,8
Funksjonar	1	IKT/Spes.ped/andre	Samla	49,0							

ITO - individuell tilrettelagt opplæring (spes.ped)

SNO - særskilt norskopplæring

Modell 4 – Sandane og Nordstranda slått saman og samla på Sandane skule med 7. trinn lokalisert på Gloppen ungdomsskule.

Om modellen.

Som modell 3, men at vi nyttar klasserom på Gloppen ungdomsskule til 7. trinn.

Uteareal og lokalisering

Her vil det bli litt mindre press på utearealet på Sandane skule, men det vil auke på GU. Ei framtidig oppgradering av området utanfor Trivselshagen idrett vil lette på det. Uteområdet for 7. trinn vil verte dårlegare.

Undervisningsareal

Vi vil med dette sleppe å investere i ekstra areal på Sandane skule. Det vil verte trongare om plassen på GU til delingar og særskilt norskopplæring.

Administrativt areal

Vil ikkje påverke behov for det, anna enn at det må vere tilgjengeleg to arbeidsplassar på GU for dei lærarane som har 7. trinn, slik at dei har ein base der.

Skuleskyssvurderingar

Ingen påverknad.

Pedagogiske vurderingar

Med denne modellen vil overgangen til ungdomsskulen blir enklare for dei fleste. Men den kan få negative konsekvensar for dei sårbare elevane. Det er positivt å blande kompetanse frå barneskule og ungdomsskule. Klasserom ved GU kan bli utfordrande ved denne modellen, samtidig som den frigjer kapasitet ved Sandane skule.

Samfunnsmessige vurderingar

Ei utfordring med denne modellen er at elevane frå Breim ikkje kjem til GU før i 8.kl. Det kan då bli eit sosialt skilje når ein startar i 8.klasse.

Modell 5 – Sandane og Nordstranda som felles skule og leing, men delt på dagens skular.

Om modellen

Det vart i 2021 utgreia ulike modellar for deling av elevane mellom Sandane og Nordstranda skule. Ein modell med 1. og 2. trinn på Nordstranda skule og 3. – 7. trinn på Sandane skule, ein modell med 6. og 7. trinn på Nordstranda og 1. -5. trinn på Sandane og 1., 2. og 3. trinn på Nordstranda og 4. -7. klasse på Sandane. Det var i tillegg sett på å dele med ein parallell på kvar skule.

Uteareal og lokalisering

Utearealet på skulane vil fungere godt begge stader med ei deling.

Undervisningsareal

Den store utfordringa i denne modellen er at klasseromsstorleiken på Nordstranda skule er varierende og det må vi gjere noko med skal vi få til tenelege klasserom som kan romme høgare elevtal. Det betyr både ombygging og ekstra areal. Legg vi 4-5 klasser til Nordstranda, så kan vi klare oss med ombyggingar. Skal vi ha fleire klasser så må vi bygge ekstra areal. Syner elles til [Utgreiing av kommunestyret sitt budsjettvedtak 17.12.2020 - ulike modellar Nordstranda/Sandane](#) Sak 019/21 i kommunestyret.

Administrativt areal

Dagens areal vil fungere som i ein slik modell.

SFO

Det naturlege er å gjere ei deling slik at dei som skal ha eit SFO tilbod går på same skulen, samtidig er det relativt få som har SFO tilbod i 4. klasse. Det vil likevel ikkje vere rasjonelt å måtte ha SFO på begge skular.

Skuleskyssvurderingar

Legg vi dei yngste trinna på Nordstranda, så vil klart fleire barn få behov for skuleskyss enn i dag og det same vil gjelde med dei eldste trinna, men ikkje i same grad.

Pedagogiske vurderingar

Det er fint for dei yngste elevane at dei kan starte på ei liten skule med td med fokus på leik. Overgangen frå barnehage blir dermed ikkje så stor. Men igjen så fører det til nok eit byte når dei kjem i 3./5. trinn. Det er uheldig med mange overgangar. Ein vil ikkje kunne drive med aldersblanda grupper med denne modellen. Koronatida synte oss at når dei yngste elevane vart skjerma frå dei eldre, miste dei yngste læring via gode og eldre rollemodellar.

Samfunnsmessige vurderingar


Det er utfordrande når administrasjonen har to ulike lokasjonar å forhalde seg til. Å drive med pedagogisk leiing vil då blir krevjande for leiinga. Det blir små fagmiljø på desse skulane og viktig kompetanse går tapt. Ved denne modellen vil det verte vanskeleg å rekruttere og behalde tilsette. Det er i praksis ikkje noko innsparing å hente med denne modellen. Investeringskostnaden med ekstra areal vil her kome på Nordstranda skule i størrelsesorden 15 millionar (utifrå berekningar på same areal på Sandane skule i modulbygg).

9. Kommunedirektøren si vurdering på barnehageområdet.

På barnehageområdet opererer kommunen med tre inntaksområde:

- Gloppefjorden: Rygg, Nygård, Mona, Nordstranda, Austrheim og Bakkelidgrenda
- Breim: Breim barnehage
- Hyen: Hyen barnehage

Det er politisk bestemt at inntaksområda Gloppefjorden og Breim kan sjåast i samanheng enkelte år, noko som betyr at folk rundt Gloppefjorden må til Breim og motsett. Det dei fleste er opptekne av er at barna, når dei vert litt større, kjem på avdeling med andre som dei skal starte på skule med.



Tal på aldersgruppa 0-5 år i dei ulike inntaksområda viser nedgang i Gloppefjorden dei siste ti åra, og auke i Hyen. Breim er på omtrent same nivå som for ti år sidan.

I Hyen vil barnehagen dekke behova for barnehageplassar i planperioden, trass auken. Fødselstala for dei to siste åra har gått ned igjen, etter ein opptur under koronapandemien.

I Breim vil Breim barnehage dekke behovet for barnehageplassar i planperioden. Barnetalet 0-5 år var synkende fram til koronapandemien, då det også her kom eit par år med høge fødselstal. Etterpå har fødselstala gått ned, og barnetalet 0-5 år no er på same nivå som for 10 år sidan.

I inntaksområde Gloppefjorden auka barnetalet 0-5 år fram til 2020, etter det har det gått ned. Barnehagekapasiteten vil vere god framover. Med Austrheim barnehage nærare Sandane sentrum vil fleire få barnehageplass nær bustad. Barnehagane rundt fjorden vil dekke behovet som vil vere den komande perioden.

På barnehageområdet er det nokre normer som styrer mykje av drifta og planlegginga. Det er arealkrav til kvart barn, det er pedagognorm og det er bemanningsnorm. Arealkravet seier noko om kor mange kvadratmeter inneareal og uteareal som skal vere på kvart barn avhengig om dei er rekna som småbarn eller store barn. Pedagognorma seier at det skal vere ein pedagog (barnehagelærer) for kvart 7. barn (småbarnsavdeling) eller 14. barn (storbarnsavdeling). Når vi kjem over 7 og 14 barn så skal det vere ei heil stilling til. Det betyr at det på ei «normal» avdeling med 9 eller 18 barn vert det i praksis to pedagogar på kvar avdeling. Bemanningsnorma seier at det skal vere 1 tilsett for kvart 3 barn på småbarnsavdeling og 1 tilsett for kvart 6. barn på storbarnsavdeling.

Det er eit lovkrav i introduksjonsloven at flyktningar skal starte på introduksjonsprogrammet innan 3 månader. Noko som betyr at flyktningar med barn i barnehagealder treng barnehageplass. Den same utfordringa gjeld ved tilflytting i løpet av året, der barnehageplass kan vere avgjerande for om ein familie kan flytte eller ikkje. Eit anna spørsmål som heng saman med tilgjengelege barnehageplassar er om Gloppen skal legge opp til å ha barnehageplassar til barn fødte i desember og vårhalvåret. For barn fødte i desember så er det ei lovendring på gang, men det er ikkje klart i skrivande stund. Denne gruppa har ikkje lovfesta rett på barnehageplass, men ofte vil dei ha eit stort behov for barnehageplass fordi permisjonstida til foreldra går ut og dei skal tilbake i jobb.

Barnehage	Godkjent areal	Max plassar ut i frå areal		Godkjente plassar		Høve til fleire plassar:
		Småbarn	Storbarn	Småbarn	Storbarn	
Hyen	143 m ²	9	18	9	18	
Breim	451 m ²	Totalt 98		Totalt 90		8 plassar
Mona	557 m ²	Totalt 99		Totalt 84		12 plassar
Bakkelidgrenda	103 m ²	9	14	9	14	Nokre plassar
Austrheim*	147 m ²	12	20	12	20	
Nordstranda	168,5 m ²	12	22	12	22	
Nygård	200 m ²	9	18	9	18	Nokre plassar
Rygg	205,5 m ²	15	18	15	18	
Samla	1975 m ²	439**		416**		
	* Nytt areal for Austrheim bhg. er ikkje godkjent enno.					
	**Tal på plassar er omrekna i storbarnsplassar (Ein småbarnsplass tel som to storbarnsplassar)					

Samla oversikt over kapasitet i barnehagane

Hyen barnehage har rikeleg og tidhøvelege areal for behovet i den komande perioden. Barnehagen vil dekke det behovet som er i Hyen for barnehageplassar. Barnehagen er bygt for to avdelingar. I dag er det to avdelingar med samarbeid på tvers av avdelingane.

Mona barnehage har i dag seks avdelingar. Tidlegare hadde Mona sju avdelingar. Avdelinga som er lagt ned vert nytta til arbeidsplassar, garderober og møterom på austsida. Skal avdelinga takast i bruk igjen, må vi bygge areal til å stette behovet til personalet etter

arbeidsmiljølova. Barnehagen organiserer avdelingane som småbarnsavdeling og aldersblanda storbarnsavdelingar på 3-5 år. Det vil gje nok større fleksibilitet i barnetalet i forhold til bemanningsnorma. Det er gjort litt oppgraderingar på uteområde siste åra, men det er framleis behov for å fornye og vedlikehalde uteområdet.

Breim barnehage vil med sine fem avdelingar ha tilstrekkeleg tal plassar til å kunne dekke behovet i Breim for barnehageplassar slik folketal og prognoser tyder på. Breim barnehage kan ta inn nokre ekstra barn i høve dei avdelingane dei har i dag ved å rekne inn alt tilgjengeleg areal for å auke utover 9/18 barn i kvar avdeling. Barnehagen organiserer storbarnsavdelingane som aldersblanda avdeling med 3-5 år gruppa for å få større fleksibilitet. Barnehagen har 90 eller maksimalt 96 plassar.

Bakkelidgrenda barnehage har i dag to avdelingar, men organiserer dette avhengig av aldersfordelinga i barneflokket. Tal plassar vert ein stad mellom 12 små og 24 store barn. Barnehagen har areal til å kunne utvide med eit par plassar utover det dei har godkjenning for i dag om det skulle verte behov for det. Barnehagen har siste åra hatt eit barnetal som ikkje har vore ideelt for ei rasjonell drift i høve bemanning.

Austrheim barnehage har i dag to avdelingar, ei for småbarn og ei for storbarn. Dei flyttar inn i nye lokale på Austrheim hausten 2025. Dei har bygt for to avdelingar og har godkjenning for 10 små og 20 store barn, men vanleg drift vil nok vere avdelingar på 9 og 18.

Nordstranda barnehage har i dag to avdelingar, ein for småbarn med 16 plassar og ei for storbarn med 18 plassar. Her og vert avdelingane tilpassa litt etter aldersfordelinga i barnegruppa. Nordstranda har to avdelingar med 12 små og 18 store plassar som er i bruk. Barnehagen er godkjent for 16 små og 18 store plassar. Barnehagen har litt ekstra areal i høve godkjent tal plassar.

Nygård barnehage har godkjenning for ei storbarnsavdeling med 18 plassar og ei småbarnsavdeling med 9 plassar. Det er i dag ikkje planar om endringar i det.

Rygg barnehage har to avdelingar, ei for småbarn med inntil 15 plassar og ei for storbarn med 18 plassar. Barnehagen har areal til å kunne ta inn fleire barn enn dei er godkjende for i dag.

Oppsummert så har vi kapasitet i dei eksisterande barnehagane til å kunne tilby barnehageplassar til dei som treng det. Utfordringa er plasseringa av plassane etter kvar barna bur. Den andre utfordringa er å kunne tilby barnehageplassar gjennom året, det er eit kostnadsspørsmål i høve å ha ledig bemanning utifrå barnetal. Behovet og trykket på barnehageplassar endrar seg avhengig av aldersutvikling i dei ulike grendene og framtidig bustadutbygging.

10. Tilråding frå kommunedirektøren

10.1 Barnehagane

Kommunedirektøren si vurdering er at vi har tilstrekkeleg barnehagekapasitet i dagens barnehagar i Gloppen. Folketalsprognosane tilseier ikkje at det vil bli mangel på barnehageplassar framover. Spørsmålet vil vere om kommunen vil ha økonomi til å ta tilgjengelege barnehageplassar i bruk for barn som ikkje har lovfesta rett til plass. Kommunedirektøren vil ikkje gjere noko grep i høve barnehagestrukturen no. Det er på trappene med nytt lovverk rundt kommunen sin mogelegheit til å justere plassar i dei private barnehagane, men dette er ikkje klart. Det er heller ikkje noko som er aktuelt slik barnetal ser ut no.

Politisk tillegg som vart lagt til i førre utkast til plan: Gloppen har ambisjon om å vere tilflyttarkommune nummer ein i Nordfjord. Talmateriale i skulebruksplanen syner at vi har større barnetal pr årskull ved skulestart, enn tal fødde i kommunen gjeldande fødselsår. Dette dokumenterer at mange foreldre ser på Gloppen som ein attraktiv stad for barn å vekse opp, og familiar kjem til kommunen med små barn i barnehagealder. Spørsmålet om vi skal ha overkapasitet på barnehageplassar, slik at foreldre som flyttar til Gloppen får barnehageplass raskt, utan at dei har lovfesta rett til dette, er eit tilbakevendande tema. Planen tek ikkje stilling til dette spørsmålet, då det vil vere ei politisk prioritering som vert vedteken av kommunestyret i årlege budsjetthandsamingar i planperioden.

10.2 Skulane

Sidan førre revidering av planen er det bygt ny skule i Hyen, den opnar og er klar til skulestart august 2025. Den er dimensjonert til i overkant av 50 elevar, men vil nok huse fleire om det skulle bli eit behov for det i framtida. På Sandane skule vil det vere klart ein andre etasje på modulbygget med to klasserom, to grupperom, toalett og elevgarderobe. Det skal vere klart til skulestart august 2025. På Nordstranda skule har kommunen fått kjøpe grunnen under delar av skulen og uteområdet, slik at kommunen no eig heile arealet skulen nyttar.

Gloppen opplæringscenter

Kommunedirektøren ser føre seg tre alternativ vidare. I det ligg det til grunn omlag same areal som vi har i dag.

1. Flytte inn i kommunale lokaler (Nordstranda skule)
2. Flytte inn i Trivselshagen IKS, der vi delvis eig lokaler om det er ledig kapasitet.
3. Langsiktig leige i lokaler i Sandane sentrum hjå private tilbydarar.

Kva alternativ vi jobbar vidare med her må henge saman med ein plan for framtidig plassering og bruk av kommunale bygningar og leigde areal. Det vil og avhenge av kva som vert vedteke i skulebruksplanen.

Grunnskulane

Elevtalsutviklinga syner at elevtalet vil gå ned framover, men dei ulike prognosane er ulike på kor mykje det vil gå ned. Ser vi på siste 10 år så har elevtalet i Gloppen vore ganske stabilt samla sett. Vi vil eit stykke fram truleg klare oss med 2 parallellar i Sandane området og kanskje vil vi enkelte år kunne kome ned på 2 parallellar pr trinn på ungdomsskulen. Den store nøkkelen her er om tilflyttinga av barn i skulealder held fram med å vere høgare enn fråflyttinga i same aldersgruppe.

Kommunedirektøren rår kommunestyret til å gå for modell 1 med ein skulestruktur som i dag lagt til grunn med tilpassa bemanning etter ein ny modell for ressursfordeling mellom skulane. Det gjeld ut planperioden. Frå skuleåret 2030/2031 tilrår kommunedirektøren å gå for modell 3 med ein samanslått Nordstranda og Sandane skule samla på Sandane skule.

Helse- og oppvekstutvalet har endra denne formuleringa til: Frå skuleåret 2030/31 gjer ein ny vurdering av samanslåing Nordstranda /Sandane skular ut frå samla elevtal

Det vil ikkje i den kommunale økonomien i overskødeleg framtid vere rom for å bygge ein ny samanslått skule på ei ny tomt til eit elevtal som det er snakk om her. Det betyr at Sandane skule må rehabiliterast og tilpassast bygningsmessig til eit elevtal på inntil 350 elevar.

Kommunedirektøren vil ikkje at det skal investerast i nye areal eller større ombyggingar på Nordstranda skule i perspektiv av ein samanslått skule nokre år fram i tid. Investeringar må leggjast på Sandane skule. I ein byggefase kan Nordstranda skule avlaste Sandane skule for å få drifta til å gå rundt. Det betyr å ta rehabiliteringa på Sandane skule i løpet av 5 år, vert den skubba lenger ut så vil det koste meir i høve alternative lokale i byggetida.

Modell 1, med ein skulestruktur som i dag men med ein justert modell for ressurstildeling vil og gje raskare innsparing enn å vente på ei samanslåing av skulane.

Å fordele innsparingskrav mellom alle skulane vil smerte og vere krevjande. Det vil bety delvis samanslåtte klasser, mindre mogelegheit til å følgje opp einskild elevar, færre delingstimar og tidleg innsats. Det kan bety noko i høve valfag og språkfag tilbodet på ungdomsskulane. Så modell 1 er ikkje ein modell utan konsekvensar for drifta på skulane, men for lokalmiljøa vil det ikkje verte endringar og uro. Kommunedirektøren vil legge opp til ein modell der elevtalet og nokre objektive kriterium er styrande for ressursane på ein skule og så må det ligge til grunn ein skjønnpott som vert fordelt etter drøftingar med skulane og tillitsvalde. Skjønspotten kan vere for å dekke slik at det er lærar i alle timar, elevar med særskilte behov og andre faktorar som kan spele inn.

I forlaget til økonomiplan med forslag om å slå saman skulane var ein del av innsparinga knytt til å få nytte Nordstranda skule til andre kommunale tenester som i dag har kontor i leigde lokale i sentrum av Sandane. Det vil vere ei innsparing på mellom 0,7 million og 3-4

millionar avhengig av løysingar som vert valt. Vi er nøydde til å ha ein samla plan for dei kommunale behova og bygningane og ikkje minst plassering av tenester for å sjå kva innsparing vi snakkar om. Noko som og kan gjere vurderinga rundt samanslåing av Nordstranda og Sandane vert vurdert i eit anna lys og tidsperspektiv enn det som er skissert her.

Det er relativt lite å spare på å slå saman Nordstranda og Sandane skule no i årsverk slik det det ser ut no. Med store klasser aukar behovet for delingstimar og lærarnorma slår inn slik at klasseressursen aukar. Å spare på leiing er ikkje ein veg kommunedirektøren vil gå. Vi ser at det er viktigare og viktigare med god og tett leiing både overfor dei tilsette, men og overfor stadig meir utfordrande elevsaker som krev mykje av skulane. Ein felles skule som er delt f.eks i småskule og mellomtrinnet er ikkje ei løysing som sparar pengar, den vil krevje investeringar på Nordstranda skule for å få klasserom som er jamne på storleik og kan ta store klasser. Kommunedirektøren meiner det vil vere feil å investere i bygningar på Nordstranda no. Ulike variantar av deling vart og grundig utgreia i 2021.

Å endre skulekrinsgrensene vil ikkje føre til økonomisk innsparing. Verknaden av det vil vere å fordele litt fleire elevar frå Sandane til Nordstranda slik at klassestorleiken vert jamna ut litt. Det vil nok skape meir uro, enn gevinsten er, i eit perspektiv på 4-5 år. Modell 5 med å slå saman Nordstranda og Sandane og ha 7. trinn lokalisert på Gloppen ungdomsskule vil vere den rimelegaste løysinga med tanke på investeringar i ein samanslått skule. Det er noko vi må vurdere i samband med ei rehabilitering av Sandane skule og om det skal ligge til grunn der.

I Gloppen har 52 % av elevane skuleskyss. 88 elevar har skuleskyss etter kommunale vedtak, noko som utgjer 35 % av elevane som har skyss. For å redusere behovet for skuleskyss og bygge opp under folkehelsa er det to strekningar som peikar seg ut som prioriterte i eit skuleperspektiv med tanke på gang og sykkelveg eller fortau. Det er strekninga Bukta – Sandane og Fjellvegen - Bjørnereimsura på Byrkjelo. Det er viktig å jobbe politisk opp imot løysingar her.

Kommunedirektøren vil at vi skal lage ei forskrift om skulekrinsar i Gloppen kommune når denne planen er vedteken som tydeleggjer skulekrinsane og korleis søknad om endringar i skulekrins skal handsamast.